



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Regionalt miljøprogram i Hordaland

Ei evaluering av regionale miljøtilskot i programperioden 2013-2016

NIBIO RAPPORT | VOL. 3 | NR. 27 | 2017



Signe Kårstad og Heidi Knutsen
NIBIO Bergen, Divisjon for kart og statistikk

TITTEL/TITLE

Regionalt miljøprogram i Hordaland. Ei evaluering av regionale miljøtilskot i programperioden 2013-2016

FORFATTAR(AR)/AUTHOR(S)

Signe Kårstad og Heidi Knutsen

DATO/DATE:	RAPPORT REPORT NO.:	NR./	TILGJENGELIGHET/AVAILABILITY:	PROSJEKTNR./PROJECT NO.:	SAKSNR./ARCHIVE NO.:
14.02.2017	Vol/nr/år		Åpen	10457	17/00747
ISBN:	ISSN:		ANTALL SIDER/ NO. OF PAGES:	ANTALL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:	
978-82-17-01805-6	2464-1162		57	6	

OPPDRAUGSIVER/EMPLOYER:

Fylkesmannen i Hordaland

KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:

Kari Beate Mostad

STIKKORD/KEYWORDS:

Regionalt miljøprogram, tilskot, landbruk, kulturlandskap, miljøgode

FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:

Samfunnsøkonomi, landbrukøkonomi

SAMANDRAG:

På oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland ved Landbruksavdelinga, er tilskotsordningane knytt til regionalt miljøprogram (heretter; RMP) i Hordaland evaluert i perioden 2013 til 2016. RMP Hordaland fell inn under nasjonalt miljøprogram, men Fylkesmannen i Hordaland ved Landbruksavdelinga har ansvar for utforming og utvikling av RMP.

I evalueringa inngår samanstilling av data frå tilskotsordninga RMP Hordaland, telefonintervju med jordbruksføretak og kommunar, samt ei spørjeundersøking som er knytt til korleis landbrukskontor i Hordaland oppfattar måloppnåing og effekt av tiltaka i gjeldande RMP-periode. Samanstilling av data og telefonintervju er utført av NIBIO, medan spørjeundersøkinga er utført av Fylkesmannen i Hordaland og samanstilt av NBIO.

RMP Hordaland er med på å styrke miljøarbeidet i fylket og forvaltingskostnad er ikkje vurdert som særleg høge. Svar frå landbrukskontor i Hordaland viser at dei stort sett meiner tiltak som ligg inne i RMP Hordaland er gode og med satsar som stort sett er passe høge. Vi ser likevel eit behov for at å grunngje betre kva miljøinnsats ein ønsker synleggjort og kvifor ein ønsker dette synleggjort. Det er også ei vurdering at nivå på tilskotssatsar bør grunngjevast betre og i tråd med konkrete målsettingar i programperioden. Dette inneber blant anna eit fokus på å utvikle gode rutinar for dokumentasjon.



NIBIO

NØRSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

LAND/COUNTRY: Noreg
FYLKE/COUNTY: Hordaland
KOMMUNE/MUNICIPALITY: Bergen
STAD/LOKALITET: Bergen

GODKJENT /APPROVED	PROSJEKLEIAR /PROJECT LEADER
Geir Harald Strand	Heidi Knutsen
NAMN/NAME	NAMN/NAME

Forord

Regionalt miljøprogram i Hordaland starta opp i 2004 og er i dag i inne i tredje programperiode. Inneverande programperiode starta opp i 2013 og skulle vare ut 2016, men i siste jordbruksavtale er programperioden forlenga ut 2017. RMP fell inn under nasjonalt miljøprogram som inneheld mål og strategi for miljøarbeidet i jordbruket, samt rammer for rullering av regionale miljøprogram. Ansvaret for gjennomføring og utvikling av RMP er lagt til Fylkesmannen.

Fylkesmannen i Hordaland er i gang med eit arbeid for å evaluere gjeldande programperiode og har oppretta ei prosjektgruppe for arbeidet. På oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland har Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) evaluert RMP-ordninga i Hordaland. I evalueringa inngår samanstilling av data frå tilskotsordninga RMP, telefonintervju med jordbruksføretak og kommunar, samt ei spørjeundersøking som er knytt til korleis landbrukskontora i Hordaland oppfattar måloppnåing og effekt av RMP-tiltaka i gjeldande periode. Fylkesmannen i Hordaland hadde ansvaret for utforming og utsending av spørjeundersøkinga. NIBIO har gjennomført telefonintervjua, handsama svara frå spørjeundersøkinga og samanstilt alle data.

Bergen, 14.02.17

Heidi Knutsen

Innhold

1	Innleiing	6
1.1	Metode og datagrunnlag	6
2	Regionalt miljøprogram i Hordaland	7
2.1	Regionalt miljøprogram og prioriteringar på miljøområdet.....	7
2.1.1	Nasjonale føringar og mål	7
2.1.2	Regionale føringar og mål i Hordaland.....	8
2.2	Finansiering	8
2.2.1	Elektronisk søknadssystem (eStil)	9
2.2.2	Vedtak og utbetaling	10
2.2.3	Tilskotsordningane i RMP Hordaland	10
3	Verkemiddelbruk og geografiske trekk	12
3.1	Utbetaling av RMP i Hordaland	12
3.2	Geografiske skilnader.....	13
3.2.1	Utbetaling av RMP-midlar og tal søkarar i Hordaland	14
3.2.2	Midlar til miljøgode fordelt etter ulike område i Hordaland	20
3.2.3	Tilskot til bratt areal	21
3.3	Økonomiske insentiv.....	22
4	Resultat frå spørjeundersøking og intervju	25
4.1	Søknadsmasse og søknadssystem	25
4.1.1	Svar frå jordbruksføretak om søknadssystem.....	27
4.2	Skjøtsel og aktivitet i Hordaland	28
4.2.1	Nivå på tilskotssatsar	28
4.2.2	Kulturlandskap	29
4.2.3	Biologisk mangfald	34
4.2.4	Kulturminne	39
4.2.5	Svar frå jordbruksføretak om skjøtsel og aktivitet	44
4.3	Redusert press på miljø og klima	44
4.3.1	Miljøavtale	45
4.3.2	Miljøvennleg spreing av husdyrgjødsel	48
4.4	Synleggjering av miljøinnsatsen.....	49
4.4.1	Spørjeundersøkinga og svar om synleggjering av miljøinnsatsen.....	49
4.4.2	Svar frå jordbruksføretak om motivasjon	50
4.5	Forvaltingskostnader	50
5	Vurdering av RMP Hordaland.....	53
	Litteraturreferanser	57
	Vedlegg.....	58

1 Innleiing

Ved sida av å produsere varer og tenester for ein marknad, produserer landbruket ei rekke felles- og miljøgodar. Eksempel på slike godar er blant anna bevaring av biologisk mangfald, kulturlandskapet og skogen og jorda si funksjon som karbonlager. Eit viktig mål for norsk landbruks- og matpolitikk er å sikre eit berekraftig landbruk gjennom blant anna produksjon av miljøgodar. Regionale miljøprogram er retta mot produksjon av miljøgodar i landbruket og søker å bidra til auka målretting av miljøarbeidet i jordbruket. Vidare søker regionale miljøprogram å synleggjera miljøinnsatsen i jordbruket.

Regionalt miljøprogram (heretter; RMP) i Hordaland starta opp i 2004 og er i dag inne i tredje programperiode. Inneverande programperiode starta opp i 2013 og skulle vare ut 2016, men i siste jordbruksavtale er programperioden forlenga ut 2017. RMP fell inn under nasjonalt miljøprogram som inneheld mål og strategi for miljøarbeidet i jordbruket, samt rammer for rullering av regionale miljøprogram. Ansvar for gjennomføring og utvikling av RMP er lagt til Fylkesmannen, medan kommunene har ansvar for å kontrollere og godkjenne RMP-tilskota og føre kontroll av ordninga hos jordbruksføretaka.

Fylkesmannen i Hordaland har ansvaret for å evaluere gjeldande programperiode og har oppretta ei prosjektgruppe for arbeidet. På oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland har Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) evaluert dei regionale tilskota i RMP Hordaland.

Verkemiddelbruk blir gjennomgått i kapittel 3, medan telefonintervjua og spørjeundersøkinga blir gjennomgått i kapittel 4. I tillegg til dette blir nasjonale og regionale føringar for RMP i Hordaland presentert i kapittel 2, medan måloppnåing og effekt av tiltaka i gjeldane programperiode for RMP Hordaland blir vurdert i kapittel 5.

1.1 Metode og datagrunnlag

Val av metode og datagrunnlag er i tråd med oppdragsbestillinga frå Fylkesmannen i Hordaland.

I evalueringa inngår samanstilling av data frå tilskotsordninga RMP, telefonintervju med jordbruksføretak og kommunar, samt ei spørjeundersøking som er knytt til korleis landbrukskontor i Hordaland oppfattar måloppnåing og effekt av tiltaka i gjeldande RMP-periode. Samanstilling av data og telefonintervju er utført av NIBIO, medan spørjeundersøkinga er utført av Fylkesmannen i Hordaland og samanstillt av NBIO.

Fylkesmannen i Hordaland har gitt NIBIO datagrunnlag som for det meste er basert på totalrapport frå det elektroniske søknadssystemet (eStil). NIBIO har berre fått tilgang til individdata for jordbruksføretak som søker bratt areal og ikkje for alle tilskotsordningar i RMP Hordaland. Eit problem som er oppdaga mot slutten av evlaueringa, er at tal frå totalrapport og tal basert på individdata frå eStil ikkje stemmer overeins. Dette problemet var kjent for Landbruksdirektoratet, men verken NIBIO eller Fylkesmannen i Hordaland var kjent med dette problemet då talgrunnlaget for evalueringa vart henta ut. Med omsyn til finanseringsramma har ikkje NIBIO hatt høve til å ta i bruk nytt datagrunnlag basert på individdata, men ei vurdering av resultatata er likevel gjort.

2 Regionalt miljøprogram i Hordaland

I 2004 vart Hordaland peikt ut som eit av to pilotfylke for å utvikle regionale miljøprogram. Hausten 2005 hadde alle fylka på plass program for regionale miljøprogram og ordninga vart evaluert i 2008 for første gong. I programperioden 2009-2012 skulle RMP spissast mot miljøtema som biologisk mangfald, kulturminne, friluftsliv og kulturlandskap. Vidare skulle miljøtema harmoniserast med nabofylka og samkjørast mot spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Skjøtsel av miljøkvalitetane skulle dermed sikrast gjennom RMP, medan SMIL i større grad skulle fungere som investeringsstøtte. I inneverande programperiode for RMP (2013-2017) vert skjøtsel av miljøkvaliteter sikra gjennom fire miljøtema; kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturminne og vatn og luft. Miljøtema vatn og luft er nytt i gjeldande programperiode, medan miljøtema friluftsliv ikkje er vidareført frå førre periode.

I det følgjande blir RMP gjennomgått med omsyn til prioriteringar på miljøområdet (del 2.1), finansiering (del 2.2) og søknadssystem og tilskotsordningar i RMP Hordaland (del 2.3).

2.1 Regionalt miljøprogram og prioriteringar på miljøområdet

Verkemiddel på miljøområdet er i dag forvalta på tre nivå; nasjonalt, regionalt og kommunalt. Regionalt miljøprogram er ein del av dei regionale bygdeutviklingsprogramma¹ som vert forvalta av Fylkesmannen. Nasjonalt miljøprogram legg likevel føringar for dette arbeidet (Landbruksdirektoratet, 2012). Under blir nasjonale og regionale mål og føringar gjennomgått.

2.1.1 Nasjonale føringar og mål

Grunnlaget for mål og resultatstyringsarbeid på miljøområdet er miljøstrategien til Landbruks- og matdepartementet for 2008–2015 (Landbruks- og matdepartementet 2008). Viktige prioriteringar frå denne strategien, og for RMP i planperioden 2013–2016, er vidare forankra i Melding til Stortinget nr 9 (2011–2012) Landbruks og matpolitikken «Velkommen til bords» og i Nasjonalt miljøprogram 2013–2016. Nytt i Melding til Stortinget nr 9 er at klimaeffektar i større grad skal synleggjerast i formålet med miljøordningane (s. 30) Programperioden for nasjonalt miljøprogram, frå 2013 til 2016, er i siste jordbruksavtale forlenga ut 2017.

På miljøområdet er følgjande prioriteringar vektlagt i nasjonalt miljøprogram (Landbruksdirektoratet, 2012):

- Sikre landbrukets kulturlandskap i heile landet, bidra til eit rikt og variert friluftsliv
- Oppretthalde mattryggleik og berekraftig landbruk gjennom bruk og vern av dei genetiske ressursane til landbruket
- Forvalte mangfaldet av kulturminne og –miljø i landbruket
- Bidra til å sikre ei god økologisk tilstand i vatnførekostane
- Oppretthalde vern om helse og miljø på plantevernmiddelområdet
- Avgrense utslepp til luft (metan, lystgass, CO₂, ammoniakk)
- Utnytte verdifulle ressursar i organisk avfall
- Sikre 15 prosent økologisk matproduksjon og –forbruk

¹ Regionale næringsprogram (RNP) og Regionalt skog- og klimaprogram (RSK) utgjer saman med Regionale miljøprogram (RMP), dei Regionale bygdeutviklingsprogramma.

Internasjonale forpliktingar på miljøområdet skal også takast i vare gjennom verkemidla i programmet. Dette gjeld blant anna rammedirektivet til vatn (EU) og nitratdirektivet (EU), samt klimakonvensjonen til FN og Gøteborgprotokollen (Landbruksdirektoratet, 2012).

I nasjonalt miljøprogram er RMP strukturert i ein RMP-meny². Dette er nytt i inneverande programperiode og Fylkesmannen kan velje kva miljøtema og tiltak som skal inngå RMP for fylket. RMP-menyen er blant anna inndelt i sju miljøtema og av desse er fem nytta i RMP Hordaland:

- Kulturlandskap
- Biologisk mangfald
- Kulturmiljø og kulturminner
- Friluftsliv og tilgjengelegheit (ikkje nytta i Hordaland)
- Avrenning til vassdrag og kyst
- Utslepp til luft
- Plantevernmidlar (ikkje nytta i Hordaland)

2.1.2 Regionale føringar og mål i Hordaland

RMP Hordaland er fastsett i forskrift om tilskot frå regionalt miljøtilskot, Hordaland. Forskrifta gjeld for tiltak i Hordaland fylke og ny forskrift vert fastsett kvart år. Gjeldande forskrift vart fastsett 9. juni 2016 og inneheld informasjon om grunnvilkår, tilskot til ulike føremål og generelle føresegn.

Føremålet med tilskot frå Regionalt miljøprogram for jordbruket i Hordaland er å bidra til at kulturlandskapet i Hordaland vert halde i hevd og at jordbruket vert drive på ein miljømessig og forsvarleg måte, sjå § 1 i forskrift om tilskot frå regionalt miljøtilskot. I 2014 vart føremålet formulert noko lengre. Føremålet i forskrift om regionalt miljøtilskot, Hordaland i 2014 var å medverke til eit aktivt og berekraftig jordbruk som reduserer klimautslepp og forureining frå jordbruket, samt sikrar at biologiske, landskapsmessige og kulturhistoriske verdier i jordbrukets kulturlandskap vert tatt vare på. Vidare var føremålet med tilskot til drift av beitelag å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark og innmarksbeite og redusere tap av dyr på beite gjennom organisert tilsyn, organisert sanking og andre målretta tiltak i beiteområda.

Regionale mål for RMP i Hordaland er fastsatt i «Regionalt miljøprogram for jordbruket i Hordaland 2013-2016» (Fylkesmannen i Hordaland, 2013). I Hordaland skal RMP styrke miljøarbeidet i jordbruket og synleggjere miljøinnsatsen til jordbruket for ålmenta. Vidare skal programmet medverke til å sikre eit ope og variert jordbrukslandskap og å sikre eit breitt utval av landskapstypar. Særlege verdifulle biotopar og kulturmiljø skal også takast vare på og skjøttast. Programmet skal medverke til å redusere ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket og dermed redusere presset på miljø og klima.

2.2 Finansiering

Regionale miljøprogram vert finansiert over jordbruksavtalen kvart år. I tabell 1 er finansieringsramma i Noreg og utbetalte RMP-midlar i Hordaland oppgitt for utbetalingsåret og ikkje for søknadsåret (som er i august året før). Frå 2014 til 2017 har total finansieringsramme i Noreg gått ned med rundt kr 26 millionar. Samanlikna med 2014 (ikkje prisjustert), svarar dette til ein nedgang på 6 prosent. RMP-ramma i Hordaland er i same periode også redusert med 6 prosent (kr 1,3 millionar). I inneverande periode for RMP Hordaland, utgjer årleg finansieringsramme til Hordaland 5 prosent av totalramma i Noreg.

² Sjø vedlegg 1 i «Nasjonalt miljøprogram 2012» (Landbruksdirektoratet, 2012).

For å sikre at RMP-utbetalingane i Hordaland ligg så tett opp mot RMP-ramma som mogleg, justerer Fylkesmannen tilskotssatsane før tilskotet vart utbetalt. Dette inneber at enkelte søkarar kan få meir eller mindre i tilskot enn det som var venta. Fylkesmannen vurderer dette til å vere uproblematisk.

Tabell 1. Finansieringsramma og tildelte tilskotsmidlar for RMP i Hordaland, i mill. kr., og etter utbetalingsår i 2014-2017

År	RMP-ramme i Hordaland	RMP-utbetaling i Hordaland	Total finansieringsramme i Norge
2014	21,0	19,1	448,5
2015	20,4	20,7	436,5
2016	20,0	20,2	428,5
2017	19,7	-	422,6

Kjelde: Jordbruksavtala og total tilskotsrapport frå Fylkesmannen i Hordaland

Tala som er nytta for RMP-utbetaling i Hordaland er basert på totalrapport frå det elektroniske søknadssystemet eStil. Avkortingar frå søknader som er levert etter frist er ikkje med i dette datagrunnlaget. Slik sett er RMP-utbetalingane i Hordaland noko lågare enn det som kjem fram av tabell 1. Eit anna problem er at tal frå totalrapport og tal basert på individdata frå eStil ikkje stemmer overeins. Dette problemet er kjent for Landbruksdirektoratet, og no for Fylkesmannen i Hordaland, men var ikkje kjent då talgrunnlaget for evalueringa vart henta ut. Sjå vedlegg 1 for å sjå kor stor utbetalinga er til ulike tiltak og totalt i Hordaland basert på individdata.

For å kunne søke på tiltak i RMP Hordaland, må jordbruksføretaka vere søkegode. Å vere søkegod inneber at jordbruksføretaket fyller grunnvilkåra for produksjonstilskot i jordbruket, at føretaket har landbruksdrift i Hordaland og at føretaket fyller krava som vert stilt til minst eit av tiltaka i RMP Hordaland. Enkelte produsentar kan ha drift i fleire kommunar i fylket, men søknaden skal likevel leverast til kommunen der driftssenteret ligg. Det er to fristar knytt til RMP Hordaland, ei for drift av beitelag og ei for alle andre tiltak i ordninga, sjå del 2.2.3. Desse to fristane vert fastsett lokalt. Nytt i inneverande programperiode for RMP, er at jordbruksføretak helst skal søke gjennom det elektroniske systemet eStil.

2.2.1 Elektronisk søknadssystem (eStil)

Søknaden i eStil blir levert til kommunale landbrukskontor gjennom Altinn. For å kunne sende søknaden elektronisk må jordbruksføretaket fylle ut mobilnummer, e-postadresse og kontonummer. Det er det kommunale landbrukskontoret som handsamer søknadane.

Det elektroniske søknadssystemet eStil inneber at miljøtiltak må teiknast inn på kart over eigedommen. Dette inneber til dømes at ein produsent som søker på styvingstre, må markere kor på eigedommen dei aktuelle styvingstrea er lokalisert. Dersom produsenten også søker om tilskot til skjøtsel av steingard, må dette tiltaket også teiknast inn i kartløyvinga. Når tilskot som søkaste på først er teikna inn i kartløyvinga, vil dette automatisk ligge inne i kommande år med høve til å endre eller slette teikningar, eller teikne nye. Informasjon om krav til søknad og korleis ein skal teikne tiltak inn i den elektroniske kartløyvinga, er å finne i rettleiingshefte som vert utforma av Fylkesmannen i Hordaland.

Dersom produsenten ikkje ønske å sende inn søknaden elektronisk, har det vore mogleg å søke på papir i inneverande programperiode for RMP. I slike tilfelle må sakshandsamer i kommunen legge inn all informasjon elektronisk. Fylkesmannen i Hordaland opplyser at det har vore ein nedgang i tal papirsøknader i inneverande programperiode. Om lag 20 prosent søkte på papir i søknadsåret 2013 og om lag 11 prosent søkte på papir i søknadsåret 2016. Frå og med 2016 vert det likevel satt krav til at beitelag som søker på tilskot til drift av beitelaget, må søke elektronisk. Drift av beitelag gjeld organiserte

beitelag som har tilsyn og sanking ved fellesbeite av utmarksareal og innmarksbite. Det er berre registrert leiar av beitelaget i einingsregisteret som kan legge inn søknad om tilskot til drift av beitelag. Drift av beitelag har ein annan søknadsfrist enn dei andre ordningane under RMP. Frist for å søke tilskot til drift av beitelag var 15. november 2016 medan alle andre tiltak hadde søknadsfrist 20. september i 2016.

Fylkesmannen i Hordaland opplyser at ei ulempe med søknadssystemet eStil, er at den elektroniske søknadsmenyen er standardisert og lik i heile landet til tross for at RMP er regionalt utforma. Ein standardisert meny har ført til at nummerering av tilskot og ordlyd i informasjonsskriv er forskjellig frå standardoppsettet i den elektroniske søknadsmenyen. Til dømes heiter eit tiltak bygdenært i standardoppsettet, mens det i RMP Hordaland heiter tilskot til innmarksbeite i landskapsparkar. Slike forhold har komplisert søknadsprosessen enkelte år for sakshandsamar i kommunar og for produsentar, men Fylkesmannen opplyser at dei jobbar med å betre dette framover.

2.2.2 Vedtak og utbetaling

Kommunale landbrukskontor utfører kontroll av søkarar til RMP Hordaland. Fylkesmannen kan òg utføre kontroll. Vidare fattar kommunale landbrukskontor vedtak om tilskot i RMP Hordaland. Jordbruksføretak som søker elektronisk får vedtaksbrevet elektronisk i Altinn, medan jordbruksføretak som søker på papir får vedtaksbrev i posten i følgje rettleiingshefte for 2016. Frist for å klage på vedtaket er tre veker.

Dersom jordbruksføretaket manglar heile eller delar av gjødselplan og sprøytejournal, vil tilskotet som søkas på bli avkorta. Tilskotet som det vert søkt på kan også bli avkorta dersom jordbruksføretaket gir feil opplysningar i søknaden.

Landbruksdirektoratet utbetalar RMP-tilskot i februar kvart år. I 2016 var søknadsfrist til RMP Hordaland 20. september og utbetalinga vil skje i februar 2017. Tilskotssatsar før søknadsfrist er førebelse, og på grunnlag av søknadsmengda i Hordaland tilpassar Fylkesmannen tilskotssatsar til ramma som vert fastsett i jordbruksavtalen kvart år.

2.2.3 Tilskotsordningane i RMP Hordaland

RMP Hordaland er delt inn etter miljøtema og desse inneheld ulike tiltak, sjå tabell 2 under. Tiltak kan ha ulik sats, utmålingseining (t.d. dekar og meter) og ulikt tak for maksimal utbetaling per jordbruksføretak. Alle tilskot som er oppgitt i figur 2 er førebelse.



Biologisk mangfald- artsrik
slåttemark
Foto: Øyvind Vatshelle

Tabell 2. Regionale miljøtilskot i Hordaland, førebelse satsar for søknadsfrist 20. september 2016

Miljø- område	Tiltak	Førebels sats, i kroner	Utmålings- eining	Maks utbetaling per føretak, i kroner
<i>Kulturlandskap</i>				
	Veglause område	1 000	Dekar	25 000
	Bygdenært- tilskot til innmarksbeite i			
	Landskapsparkar	200	Dyreeining*	15 000
	Skjøtsel av bratt areal og areal med spesielle verdiar (bratt areal frukt):			
	Areal brattare enn 1:5, 1-50 daa	225	Dekar	
	Areal brattare enn 1:3, 1-50 daa	460	Dekar	25 000
	Areal med spesielle verdiar (fruktareal) 1:5, 1-50 daa	550	Dekar	10 000
	Drift av beitelag			
	Storfe	40	Dyr	
	Geit og kje, og sau og lam	10	Dyr	
	Beite i utmark- tilskot til føretak som deltek i organisert beitebruk i fjellet			
	Storfe	70	Dyr	
	Sau og lam	45	Dyr	
<i>Biologisk mangfald</i>				
	Skjøtsel av slåttemark- areal registrert i Naturbase	500	Dekar	10 000
	Skjøtsel av kystlynghei	20	Dekar	10 000
	Skjøtsel av styvingstre	70	Tal tre	15 000
	Beite av biologisk verdifulle areal som er registrert i Naturbase	100	Dekar	10 000
<i>Kulturmiljø og kulturminne</i>				
	Støling			
	Enkeltstøl	25 000	Per støl	
	Fellesstøl	25 000	Del av støl	
	Foredling med direktesal frå støl	15 000	Per støl/del av støl Per	
	Skjøtsel av gravminne	1 000	enkeltminne	5 000
	Skjøtsel av gravfelt	1 000	Dekar	5 000
	Skjøtsel av andre automatisk freda kulturminne	1 000	Dekar	5 000
	Skjøtsel av steingarder	7	Meter	10 000
	Skjøtsel av viktige kulturhistoriske område	2 500	Dekar	5 000
<i>Vatn og luft</i>				
	Miljøavtale elvemusling, med ugjødsla randsone i eng			
	Miljøavtale, trinn 1	70	Daa	
	Miljøavtale, trinn 2	180	Daa	
	Ugjødsla randsone i eng	15	Meter	30 000
	Tiltak mot utslepp til luft			
	Spreiing ved nedlegging	90	Dekar	35 000
	Spreiing ved bruk av tilførselsslange	60	Dekar	35 000

* 1sau/geit=1 dyreeining, 1 ku= 5 dyreeiningar, 1 ungdyr/hest= 3 dyreeiningar.

Kjelde: Fylkesmannen i Hordaland (2016a)

3 Verkemiddelbruk og geografiske trekk

Utbetaling av tilskotsmidlar gjennom RMP-ordninga er eit viktig verkemiddel for å nå dei regionale målsettingane i Hordaland, sjå del 2.1.2. RMP-ordninga omfattar ei rekke miljøtema og truleg er ikkje alle miljøtema like viktig for alle produsentar i fylket. For å få fram innrettinga på RMP-tilskota i Hordaland, er dette kapittelet difor retta mot å vise kor RMP-midlar vert utbetalt og kven som kan søke slike midlar. På den måten får ein fram virkeområdet til ordninga, som igjen gjer det lettare å evaluere kva insentiv ordninga skaper og dermed kva effekt ordninga har.

Del 3.1 gjennomgår utbetaling av RMP-tilskot i utbetalingsåra 2014, 2015 og 2016, medan del 3.2 gjennomgår geografiske variasjonar. Til slutt i del 3.3 blir det kort vurdert om RMP Hordaland skapar økonomiske insentiv for jordbruksføretak.

3.1 Utbetaling av RMP i Hordaland

RMP Hordaland har totalt fem miljøtema; utslepp til luft, avrenning til vassdrag og kyst, kulturmiljø og kulturminne, biologisk mangfald og kulturlandskap. I figur 1 er dei totale RMP-utbetalinga sorterte etter miljøtema i 2014–2016.


I Hordaland blei det totalt utbetalt kr 19,1, kr 20,7 og kr 20,2 millionar gjennom RMP i høvesvis 2014, 2015 og 2016.³ Flest midlar gjekk til miljøtema kulturlandskap med kr 14,5 millionar, kr 15,2 millionar og kr 14,8 millionar i høvesvis 2014, 2015 og 2016. Dette utgjer godt tre fjerdedelar av dei totale RMP-utbetalingane i fylket i 2014 og rett i underkant av tre fjerdedelar i 2015 og 2016.

Utbetaling til avrenning til vassdrag og kyst var klart lågast, og på kr 0,3 og 0,6 millionar i høvesvis 2015 og 2016.⁴ I same rekkefølge utgjer dette rundt 2 og 3 prosent av dei totale tilskotsutbetalingane i 2015 og 2016. For miljøtema utslepp til luft, har tilskotsutbetalingane gradvis gått opp frå i underkant av kr 1 million i 2014 til kr 1,9 millionar i 2016, eller frå 5 prosent av dei totale RMP-utbetalingane til 9 prosent i 2016. Miljøtema biologisk mangfald, samt kulturmiljø og kulturminne har derimot gått gradvis ned frå 2014 til 2016. Utbetaling til biologisk mangfald og kulturmiljø og kulturminne låg begge på om lag kr 1,8 millionar i 2014 og har gått ned til høvesvis kr 1,3 millionar og kr 1,6 millionar i 2016. Frå 2014 til 2016 svarar dette til ein nedgang på 26 prosent for biologisk mangfald og 11 prosent for kulturmiljø og kulturminne.

Ein viktig grunn til nedgangen for miljøtema biologisk mangfald, er i følge Fylkesmannen i Hordaland auka kontroll på tiltak til skjøtsel av slåttemark, samt at beite av kystlynghei med utegangarsau fall bort frå RMP Hordaland ved søknadsomgang 20. september 2015. Tilskotet fall bort fordi husdyrtilskot til utegangarsau vart gjort likt med tilskot til vanleg sau ved jordbruksoppgeret i 2014, noko som gav ein auke i tilskot for utegangarsau. For miljøtema kulturmiljø og kulturminne har utbetaling av midlar gått ned som følge av nedgang i utbetaling til drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon frå 2014 til 2016, og nedgang i utbetaling av midlar til skjøtsel av bakkemurer og drift av fellesseter med mjølkeproduksjon. I 2016 utgjer biologisk mangfald rundt 7 prosent av dei totale RMP-utbetalingane i Hordaland, medan RMP-utbetalingane til kulturmiljø og kulturminne utgjer rundt 8 prosent.


³ 2014, 2015 og 2016 er utbetalingsår.

⁴ Datagrunnlaget er basert på totalrapport frå eStil. Totalrapport inneheld feil og tala er høgare enn tal basert på individdata.



Figur 1. Prosentfordeling av total RMP-utbetaling i Hordaland etter ulike miljøtema, i utbetalingsåra 2014-2016


Figur 2 viser kor mange jordbruksføretak som søker tilskot gjennom RMP Hordaland i utbetalingsåra 2014 til 2016, samt kor mange beitelag som søker tilskot til drift av beitelag gjennom RMP i same periode. Tal beitelag som søker gjennom RMP, ligg på 93 i utbetalingsåret 2014, 94 i 2014 og 93 i 2015, medan tal føretak som søker tiltak i RMP ligg mellom 1 150 og 1 300 i heile perioden. I 2014 søkte 1 284 føretak om RMP-tilskot, 1 153 i 2015 og 1 249 i 2016.



Figur 2. Tal søkarar til RMP i Hordaland, i utbetalingsåra 2014, 2015 og 2016. Geografiske skilnader

Kjelde: Landbruksdirektoratet. Individdata for søknadsomgang 2013-2015.

Hordaland er inndelt i 33 kommunar som har ulike geografiske føresetnader. For å få fram nokre av dei ulike geografiske føresetnadane, er Hordaland delt inn i kyst, fjord og innland, sjå figur 3. Denne inndelinga gir 14 kystkommunar, 13 fjordkommunar og 6 innlandskommunar.




Figur 3. Kommunar i Hordaland, sortert etter kyst, fjord og innland. Totalt 33 kommunar

3.1.1 Utbetaling av RMP-midlar og tal søkarar i Hordaland⁵

Hensikta med RMP-ordninga i Hordaland er ikkje er å nå flest produsentar, men å ivareta prioriterte miljøgodar i fylket. Likevel kan det vere interessant å sjå kor søkarar er lokalisert, fordi dette kan vise i kva grad eit område har prioriterte miljøgodar. For å gi eit samanlikningsgrunnlag blir dette samanlikna med tal søkarar til produksjonstilskot og utbetaling av produksjonstilskot.


Totalt er det 835 føretak i kommunane i innlandet, 1314 i fjordkommunane og 1035 i kystkommunane som mottek produksjonstilskot. For å gi eit inntrykk av skilnader mellom kommunar, viser figur 4 tal jordbruksføretak som har motteke produksjonstilskot i utbetalingsåret 2015. Voss kommune har flest jordbruksføretak, som søker produksjonstilskot, deretter kjem Ullensvang, Kvinnherad og Lindås, medan det er færrest jordbruksføretak i Modalen, Fedje, Sund og Eidfjord.

⁵ Kjelda til figurar og tabellar under dette punktet er Fylkesmannen i Hordaland og Landbruksdirektoratet.



Figur 4. Tal bruk som søker produksjonstilskot, i utbetalingsåret 2015

Figuren 5 viser ei oversikt over kor stor del av dei som søkte produksjonstilskot som også søkte RMP i utbetalingsåret 2015. Rett i underkant av 3 200 føretak fekk utbetalt produksjonstilskot i 2015 i Hordaland, medan rundt 1 200 søkarar fekk utbetalt RMP-tilskot. Dette inneber at rundt 36 prosent av dei som søkte produksjonstilskot, også søkte om tilskot gjennom RMP i Hordaland. Av dei føretaka som både søkte RMP og produksjonstilskot, var 27 (324 føretak) prosent lokalisert i kystkommuner, 33 prosent (429 føretak) i fjordkommuner og 51 prosent (426 føretak) i kommunar i innlandet.



* Inkluderer ikkje beitelag som søker tilskot til drift av beitelag

Figur 5. Del føretak som fekk utbetalt produksjonstilskot og RMP i utbetalingsåret 2015, fordelt etter kyst, fjord og innland, samt i Hordaland totalt⁶


Figuren over viser at det er størst del som både søker produksjonstilskot og RMP i innlandet, nest størst del i fjordkommunar og minst del i kystkommunane.

Figuren 6⁷, viser kor stor del av dei som har motteke produksjonstilskot, som også har motteke RMP-utbetaling i utbetalingsåret 2015. I innlandet er det Ullensvang, Ulvik (begge 60-70 prosent), Voss og Granvin (begge 50-59 prosent) som har svært mange jordbruksføretak som søker om RMP i tillegg til produksjonstilskot, medan innlandskommunane Odda og Eidfjord ikkje har like stor del (20-29 prosent). I fjordkommunar er det Os og Vaksdal (begge 50-59 prosent) som har svært mange jordbruksføretak som søker om RMP i tillegg til produksjonstilskot, medan resten, utanom Modalan (20-29 prosent) ligg mellom 30-39 prosent og 40-49 prosent. I kystkommunane har Stord og Austrheim (begge 30-39 prosent) flest jordbruksføretak som søker om RMP i tillegg til produksjonstilskot, medan resten⁸ ligg på 20-29 prosent.

⁶ Kjelde: Landbruksdirektoratet. Utbetaling av RMP i Hordaland (individdata) og produksjonstilskot, i utbetalingsåret 2015.

⁷ Tal bruk som søker RMP i figur 6 er basert på totalrapport i eStil. Totalrapport angir ikkje tal føretak like nøyaktig som eit uttrekk basert på individdata. Slik sett er underlagsmaterialet til figur 6 noko unøyaktig.


⁸ Fedje har ikkje ingen føretak som får utbetalt midlar gjennom RMP.



Figur 6. Prosentfordeling av tal bruka som har motteke RMP-tilskot i tillegg til produksjonstilskot i utbetalingsåret 2015


Figur 5 og 6 over gir ei oversikt over kor søkarar til RMP er lokaliserte i fylket. Likevel er det viktig å huske på at tala ikkje seiar noko om kor mange føretak i dei ulike områda som er søkegode, men som ikkje søker om tilskot gjennom RMP. Enkelte kommunar kan ha fleire føretak som er søkargode, men som likevel ikkje søker gjennom RMP Hordaland av ulike grunnar.

Sjølv om enkelte kommunar kan ha ein stor del jordbruksføretak som søker gjennom RMP i tillegg til produksjonstilskot (jf. Figur 6 over), seier ikkje tal søkarar noko om kor store utbetalingane frå RMP er i dei enkelte kommunane. Figur 7 grupperer derfor kommunar i grupper som svarar til rundt 20 prosent av RMP-utbetalingane i utbetalingsåret 2015. Både Voss og Ullensvang utgjer ei gruppe for seg sjølv. Dette betyr at rundt 20 prosent av RMP-tilskota blir utbetalt til Voss og at rundt 20 prosent av RMP-tilskota blir utbetalt til Ullensvang. Vidare representerer Ulvik, Kvam og Kvinnherad ei gruppe på 20 prosent, og det same gjer Lindås, Osterøy, Bergen, Etne og Sveio. I den siste gruppa som svarar til rundt 20 prosent av RMP-utbetalingane i 2015 er det 22 kommunar.



Figur 7. Fordeling av RMP-utbetaling i Hordaland etter grupper som svarar til rundt 20 prosent av utbetalingane i 2015


Figur 8 viser kor stor del av tilskotsmidlane i Hordaland som vert utbetalt til kyst, fjord og innland i utbetalingsåret 2015. Størst del av RMP-midlane blir utbetalt til innland, og då 47 prosent (9,7 millionar) mot 18 prosent (kr 3,7 millionar) og 35 prosent (kr 7,3 millionar) i høvesvis kyst og fjord. For produksjonstilskot er situasjonen ein annan. Føretak i innlandskommunar får lågast del av dei totale utbetalingane av produksjonstilskot i fylket med 27 prosent (kr 141,6 millionar) mot 30 prosent (kr 154,3 millionar) og 43 prosent (kr 227,4 millionar) i høvesvis kyst og fjordkommunar.



Figur 8. Utbetaling av produksjonstilskot og RMP-tilskot i Hordaland i 2015, sortert etter kyst, fjord og innland, oppgitt i prosent⁹

⁹ Kjelde: Fylkesmannen i Hordaland. RMP totalrapport, og Landbruksdirektoratet.

Tilskotsmidlar gjennom RMP-ordninga er mykje lågare enn produksjonstilskota som blir utbetalt i fylket. Dette har samanheng med korleis midlar vert fordelte over jordbruksavtalen. Dersom ein ser utbetaling av produksjonstilskot og RMP under eit («totale tilskot»), finn ein kor stor del RMP-tilskota utgjer av dei totale tilskotsutbetalingane i Hordaland, sjå figur 9. I gjennomsnitt for heile fylket, utgjer RMP-utbetalinga utanom tilskot til drift av beitelag rundt 4 prosent av dei totale tilskots-utbetalingane, medan utbetaling av produksjonstilskot og tilskot til drift av beitelag ligg høvesvis på rundt 96 og 0,3 prosent.



Figur 9. Prosentfordeling av totale tilskot i Hordaland (produksjonstilskot, RMP og tilskot til drift av beitelag), i utbetalingsåret 2015 og oppgitt i prosent

Sjølv om RMP-utbetalingane i 2015 utgjer ein liten del av dei totale tilskotsutbetalingane i fylket, er det likevel viktig å på peike at hensikta med RMP-ordninga ikkje er å nå flest produsentar, men å ivareta prioriterte miljøgode i fylket.



Kulturlandskap- bratt areal
Foto: Øyvind Vatshelle

3.1.2 Midlar til miljøgode fordelt etter ulike område i Hordaland

Kulturlandskap er det miljøgodet som det blir utbetalt flest midlar til i Hordaland, sjå del 3.1. Deretter følger utslepp til luft, kulturmiljø og kulturminne, biologisk mangfald og avrenning til vassdrag og kyst.

Figur 10 viser korleis RMP-midlar totalt og til ulike miljøtema fordelt mellom søkarar i kyst-, fjord-, og innlandskommunar i prosent. Totalt i heile perioden, får søkarar i innlandskommunar mellom 44 (2016) og 47 prosent (2015 og 2014) av dei totale RMP-utbetalingane. Deretter følgjer fjordkommunar som får 38, 35 og 38 prosent av dei totale RMP-utbetalingane i høvesvis 2016, 2015 og 2014. Kystkommunar får færrest midlar gjennom RMP, og totalt 18 (2016 og 2015) og 15 (2014) prosent av dei totale RMP-utbetalingane.


For miljøtema kulturlandskap er rekkefølga den same, men samanlikna med dei totale RMP-utbetalingane ligg utbetalingane til kulturlandskap høgare i innland og lågare i fjord og kyst. Søkarar i innlandskommunar får flest RMP-midlar gjennom dette miljøtemaet med 57 prosent av utbetalinga i utbetalingsåret 2016, 56 prosent i 2015 og 52 prosent i 2014. Dernest følgjer søkarar i fjordkommunar som får 33 prosent i utbetalingsåra 2016 og 2015, og 37 prosent i 2014. Søkarar i kystkommunar får færrest midlar gjennom dette miljøtemaet med 9 prosent i 2016 og 11 prosent i 2015 og 2014. Ein viktig grunn til at kyst får færrest midlar for miljøtema kulturlandskap, er at midlar gjennom kulturlandskap er retta mot bratt landskap og beite i fjellet gjennom organisert beitebruk.

Trass i at søkarar frå innland får mest midlar gjennom RMP totalt og til kulturlandskap, får innland mindre RMP-midlar enn fjord og kyst for dei resterande miljøtema. I utbetalingsåret 2016 fekk søkarar i innlandskommunar 22 prosent av dei totale RMP-midlane som gjekk til biologisk mangfald. For miljøtema kulturmiljø og kulturminne og utslepp til luft, fekk søkarar i innlandskommunar utbetalt høvesvis 26 prosent og 20 prosent i 2016. Søkarar frå innlandskommunar fekk ingen midlar til avrenning til vassdrag og kyst fordi dette miljøtiltaket gjeld miljøavtale (vern av elvemusling) som ikkje er aktuelt for innlandet.

Samanlikna med dei andre områda, fekk søkarar frå fjord mest utbetalt til miljøtema kulturmiljø og kulturminne, utslepp til luft og avrenning til vassdrag og kyst (miljøavtale). I same rekkefølge på miljøtema, fekk søkarar frå fjord i 2016 utbetalt 40 prosent, 56 prosent og 96 prosent. Søkarar frå fjord fekk likevel minst utbetalt av RMP til biologisk mangfald, og 26 prosent i 2016.

Det einaste miljøtema der kystkommunar får meir utbetalt enn dei andre områda, er til biologisk mangfald og dette skuldast tiltak retta mot beite¹⁰ og skjøtsel av kystlynghei. Samanlikna med dei andre områda, fekk søkarar frå kyst 52 prosent av RMP-utbetalingane som gjekk til biologisk mangfald i 2016. For miljøtema kulturmiljø og kulturminne, utslepp til luft og avrenning til vassdrag og kyst, fekk søkarar frå kyst utbetalt nest mest i forhold til dei andre områda. I same rekkefølge på miljøtema, fekk søkarar i kystkommunar i 2016 utbetalt 33 prosent, 24 prosent og 4 prosent av RMP-midlane som blei utbetalt til desse miljøtema.

¹⁰ Beite av kystlynghei med utegangarsau fell bort som tiltak i RMP Hordaland ved søknadsomgangen i 2015.



Figur 10. Fordeling av RMP-midlar totalt, og til kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturmiljø og kulturminne, avrenning til vassdrag og kyst og til utslepp til luft i utbetalingsåra 2014-2016, sortert etter kyst-, fjord- og innlandskommunar og oppgitt i prosent

Ettersom miljøtema kulturlandskap bidreg til at innlandskommunar får flest midlar gjennom RMP-ordninga i Hordaland, skal ein sjå nærare på tilskot til bratt areal som utgjer ein stor del av utbetalinga under miljøtema kulturlandskap.

3.1.3 Tilskot til bratt areal

Bratt areal gjeld tiltak som fell inn under miljøtema kulturlandskap. Løyvinga gjeld maksimalt for 50 dekar per føretak og for full- og overflatedyrka areal brattare enn 1:5 eller 1:3. Føretak som også driv med fruktproduksjon, kan i tillegg søke på bratt areal med spesielle verdiar (fruktareal).

I utbetalingsåret 2015, fekk 597 føretak utbetalt tilskot til bratt areal, sjå tabell 3. Utbetalinga til skjøtsel av bratt areal, var på kr 5,8 millionar, og dette svarar til 28 prosent av dei totale RMP-utbetalingane i fylket. Eit føretak som søker om tilskot til bratt areal, søker gjerne også på andre tiltak i RMP-ordninga. For desse 597 føretak utgjorde utbetaling til andre tiltak kr 5,5 millionar, og dette svarar til 26 prosent

av dei totale RMP-utbetalingane i fylket. Totalt fekk desse 597 føretaka utbetalt over halvparten av RMP-utbetalingane i Hordaland (54 prosent). Resten av RMP-utbetalingane gjekk til 704 føretak i Hordaland. Ingen av desse 704 føretaka søkar om tilskot til bratt areal, men gjennom andre tiltak i ordninga. Totalt var RMP-utbetalinga for desse 704 føretaka kr 5,5 millionar, og dette svarar til 46 prosent av dei totale RMP-utbetalingane i Hordaland.

Ein stor del av RMP-midla, blir utbetalt til føretak som søker om tilskot til bratt areal. Føretak som søker tilskot til bratt areal, søker gjerne også gjennom andre tiltak i RMP. I gjennomsnitt fekk desse føretaka utbetalt midlar for 3,8 tiltak gjennom RMP i utbetalingsåret 2015.

Hordaland er eit fylke med topografiske skilnader, og tilskot til bratt areal er dermed ikkje like aktuelt for kystkommunar som det er for fjord- og innlandskommunar. Tabell 3 viser kor mange føretak i kyst-, fjord-, og innlandskommunar som søker tilskot til bratt areal.

Tabell 3. Tal føretak som søker tilskot til bratt areal og tal kommunar desse føretaka er lokalisert i, samt tal kommunar totalt i Hordaland, sortert etter kyst, fjord og innland

	Tal føretak som søker tilskot til bratt areal	Tal kommunar som har føretak som søker tilskot til bratt areal	Tal kommunar i regionane
Kyst	24	6	14
Fjord	201	13	13
Innland	372	6	6
Totalt	597	25	33

3.2 Økonomiske insentiv


Tilskot kan vere viktig for økonomien til eit jordbruksføretak. Dei fleste tilskota i RMP-ordninga i Hordaland er innretta slik at jordbruksføretaket må gjennomføra ein aktivitet som skal sikre skjøtsel av prioriterte miljøgode. Slik sett kan tilskota i RMP-ordninga skape eit insentiv til å gjennomføre ein aktivitet som ein elles ikkje ville ha utført. Dersom dette er tilfellet, har RMP-ordninga i Hordaland effekt på dei miljøgodane som er prioritert i fylket. Likevel kan det tenkast at enkelte jordbruksføretak uansett ville ha gjennomført aktuell aktivitet utan tilskot. I så tilfelle vil ikkje tilskota i RMP-ordninga hatt effekt på innrettinga til jordbruksføretak. Her er det likevel viktig å vere klar over at RMP-ordninga også skal bidra til å styrke miljøarbeidet i jordbruket og synleggjere miljøinnsatsen til jordbruket for ålmenta. Dette inneber at RMP-ordninga har ei brei tilnærming som ikkje berre søkar å sikre aktivitet og skjøtsel, men at ordninga også skal å styrke miljøarbeidet og synleggjere miljøinnsatsen i jordbruket.

At RMP-ordninga i Hordaland har ei såpass vid målsetting, inneber at det kan vere vanskeleg å evaluere om ordninga har effekt. For å gjere dette må ein også vurdere kva som ville ha skjedd dersom RMP Hordaland ikkje eksisterte. Ei snever tilnærming kan likevel vere å vurdere kor mykje eit føretak får ved å søka på RMP-tilskot. Dette blir gjort for dei 597 føretaka som søkte om bratt areal. Dette er truleg eit noko skeivt utval, fordi utbetaling av tilskot til bratt areal utgjer rundt 28 prosent av dei totale RMP-utbetalingane i fylket. Dette utvalet er likevel valt fordi vi ikkje har hatt tilgang på informasjon om alle søkarane på føretaksnivå når evalueringa vart sett i gang.

Figur 11 viser kor mykje RMP-tilskot føretaka får utbetalt i gjennomsnitt og for første, andre og tredje kvartil. I gjennomsnitt får føretak rundt kr 18 800 utbetalt gjennom RMP. Utvalet er likevel noko spreidd og dette kjem fram når ein også ser på første, andre og tredje kvartil. Når ein bruker kvartiler, kjem variasjon fram ved at utvalet blir rangert i stigande rekkefølge frå minst til størst. Første kvartil svarar til skiljet mellom første fjerdedel, andre kvartil viser det midtre skiljet (median) og tredje kvartil

viser skiljet mellom tredje og fjerde del av utvalet. For første kvartil utgjør RMP-tilskot kr 9 700, medan det utgjør 16 200 for andre kvartil (median) og kr 23 700 for tredje kvartil.


Gjennomsnittet på kr 18 800 ligg mellom median og tredje kvartil, men likevel nærast medianen. Dette inneber at enkelte føretak, som får meir utbetalt gjennom RMP enn andre føretak, er med på å dra opp gjennomsnittet noko. Gjennomsnittet ligg likevel berre rundt 16 prosent høgare enn medianen.



Figur 11. RMP-tilskot utbetalt i gjennomsnitt og presentert i kvartiler, i utbetalingsåret 2015 og for totalt 504 føretak som blant anna søker om tilskot til bratt areal

I staden for å sjå kor mykje RMP-tilskot utgjør i kroner, kan ein også vurdere kor stor del RMP-utbetalinga utgjør av dei totale tilskota som vert utbetalt i Hordaland, sjå figuren under. Totale tilskot er då summen av produksjonstilskot og RMP-tilskot som er utbetalt i utbetalingsåret 2015.

Figur 12 viser gjennomsnittet for utvalet og spreining i form av kvartiler. I gjennomsnitt utgjør RMP-tilskot av totale tilskot 15 prosent. Utvalet er likevel noko spreidd og dette kjem fram når ein også ser på første, andre og tredje kvartil. For første kvartil utgjør RMP-tilskot av totale tilskot rundt 7 prosent, medan det utgjør 11 prosent for det midtre sjiktet (median) og rundt 16 prosent for tredje kvartil. Gjennomsnittet ligg tett opp mot tredje kvartil. Dette viser at RMP-tilskot av totale tilskot er større for enkelte føretak og at dette bidreg til å dra opp gjennomsnittet.



Figur 12. Del RMP-tilskot av totale tilskot, i gjennomsnitt og presentert i kvartiler, i utbetalingsåret 2015 og for totalt 504 føretak som blant anna søker om tilskot til bratt areal


4 Resultat frå spørjeundersøking og intervju

Fylkesmannen i Hordaland, ved landbruksavdelinga, har utarbeida og gjennomført ei spørjeundersøking om korleis dei kommunale landbrukskontora opplever RMP-ordninga. Fleire kommunar har felles landbrukskontor. Det er totalt 23 landbrukskontor i fylket som dekker alle dei 33 kommunane, og av desse har 19 landbrukskontor svara på spørjeundersøkinga. Svara frå landbrukskontora dekker i alt 29 av 33 kommunar i Hordaland. Spørjeundersøkinga omfattar ei rekke spørsmål om tilskot som gjeld kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturminne og vatn og luft, samt meir generelle vurderingar av ordninga.¹¹ I tillegg til spørjeundersøkinga, har NIBIO gjennomført telefonintervju med seks kommunale landbrukskontor. Totalt dekker desse seks kommunale landbrukskontora åtte av 33 kommunar i fylket. Ti produsentar er også intervjuja på telefon. Tre av desse er berre intervjuja om miljøavtale, medan dei sju siste er stilt meir generelle spørsmål.

Med utgangspunkt i spørjeundersøking til kommunale landbrukskontor, samt telefonintervju til kommunar og jordbruksføretak, blir søknadssystem, ulike målsetningar til RMP-ordninga og forvaltingskostnader gjennomgått i del 4.1-4.5.

4.1 Søknadsmasse og søknadssystem

I spørjeundersøkinga, har 19 kommunale landbrukskontor svara på spørsmål om kor stor del av dei som er søkegode som søker på RMP. Totalt 13 landbrukskontor har svara på dette spørsmålet, sjå svarfordelinga i prosent i figur 13. Fem kommunale landbrukskontor svarar at 70-80 prosent av dei som er søkegode, søker på tilskot gjennom RMP. Vidare oppgir tre landbrukskontor at 50-60 prosent av dei som er søkegode søker på tiltak i RMP, og like mange kontor oppgir 90-100 prosent. Berre to kontor oppgir at det er 20-30 eller 30-50 prosent av dei som kan søke, som søkar tilskot gjennom RMP. Dette tydar på at RMP-ordninga når ut til mange søkegode i dei fleste kommunane, men at ordninga ikkje vert nytta fullt ut i nokre kommunar.



Figur 13. Prosentfordeling av tal svar på spørsmål om kor stor del jordbruksføretak som er søkegode som søker på RMP

¹¹ Sjå vedlegg 3, 4, 5 og 6 for meir informasjon.

På spørsmålet om kor stor del av dei som er søkegode, og har tiltak dei kan få tilskot til, som har søkt, er det tre av 19 landbrukskontor som ikkje har svart. Vidare er det tre av 19 som ikkje har oppgitt del i prosent, men som har svara følgjande:

Kunne vore fleire, men krokete system verkar avskrekkande for søkjarane.

Har inntrykk av at ordninga vert brukt.


Inntrykket er at delen er nokså stor.

For å kunne gi god hjelp til jordbruksføretak i søknadsprosessen, er det viktig at sakshandsamer kjenner godt til regelverket for RMP. I spørjeundersøkinga har 19 landbrukskontor svara på kor godt sakshandsamer kjenner til regelverket for RMP, og 18 av 19 kontor svarar at dei kjenner regelverket godt eller svært godt (svaralternativ 1 til 3), sjå figur 14. Berre eit landbrukskontor svarar at sakshandsamer kjenner til regelverket i litt mindre grad (svaralternativ 4).

Ei viktig oppgåve for kommunen er å kontrollere om vilkåra for tilskota i RMP er oppfylte. I spørjeundersøkinga har 19 landbrukskontor svara på om kommunen har god kontroll på at vilkåra for tilskot vert oppfylte, sjå figur 14. Svarfordelinga på dette spørsmålet er omtrent likt som det førre spørsmålet, men litt fleire og totalt ti kontor plasserer seg meir i midten (svaralternativ 3). Vidare har eit kontor svara at kommunen i mindre grad har kontroll på at vilkåra for tilskot vert oppfylte (svaralternativ 5). Dei 8 andre landbrukskontora har i stor grad eller svært stor grad kontroll på at vilkåra for tilskotet vert oppfylte (svaralternativ 1 og 2).

På spørsmål om i kor stor grad landbrukskontora hjelte jordbruksføretaka med å søke midlar gjennom RMP i 2015 og 2016, svarar 16 av 19 landbrukskontor at dei hjelte ein stor del av søkarane (svaralternativ 1 til 3), medan 3 landbrukskontor svarar at det ikkje er mange som treng hjelp (svaralternativ 4 og 6). I samanheng med dette spørsmålet er det verdt å nemne at seks kommunar, som er intervjuja på telefon, har påpeikt at det går med meir tid når jordbruksføretak søkar på papir. I slike tilfelle må sakshandsamar legge inn opplysningar elektronisk og dette tek lengre tid enn kontroll av dei elektroniske søknadane. Vidare oppgir dei at det er rundt 10 prosent av søkarane som sender inn søknaden på papir.

Kommunane forvaltar også ei ordning for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Ordninga er spissa mot spesielle natur- og kulturminneverdiar i kulturlandskapet og fungerer som eingongsstøtte til investeringar og til vedlikehald. I følgje nasjonalt miljøprogram 2012 (Landbruksdirektoratet), skal Fylkesmannen bruke RMP som arena for å samordne RMP-tiltak og tiltak som vert satt i gang gjennom SMIL-ordninga. I spørjeundersøkinga har 19 landbrukskontor svara på spørsmål om RMP vert sett i samanheng med SMIL i kommunen, sjå figur 14. På dette spørsmålet svarar 14 av 19 landbrukskontor at SMIL i litt eller i stor grad blir sett i samanheng med SMIL (svaralternativ 1 til 3), medan 5 landbrukskontor heller mot at det ikkje gjer det (svaralternativ 4 til 6).



Figur 14. Prosentfordeling av svar knytt til regelverk, kontroll på vilkår, hjelp til å søke og om RMP vert sett i samanheng med SMIL

4.1.1 Svar frå jordbruksføretak om søknadssystem

I alt er sju jordbruksføretak stilt spørsmål om korleis dei opplev søknadsprosessen til RMP-ordninga. Dette er ikkje mange svar, men svara gir likevel eit inntrykk av korleis produsentar opplever ordninga.

På ein skala frå ein til tre, der ein er lett, to er greitt og tre er vanskeleg, svarar fire av sju produsentar at dei opplev søknadsprosessen som grei og ein produsent svarar at søknadsprosessen er lett. Dei to siste produsentane ønsker ikkje å plassere seg i berre ein kategori. Grunnen til det er at den eine produsenten opplever søknadsprosessen som lett så lenge landbrukskontoret hjelper til med søknaden (papirsøknad). Utan hjelp frå landbrukskontoret er produsenten usikker på om han ville fått til å søke på RMP-ordninga. Den siste produsenten svarar at han opplever søknadsprosessen som både grei og vanskeleg.

Produsentane fekk ikkje direkte spørsmål om kartløyvinga i søknadssystemet eStil. Likevel påpeikar ein produsent at det er tungvint å teikne inn opplysingar i kart, medan ein produsent opplyser at det er lett å finne igjen opplysningar når ein først har fått lagt alt inn ein gong. Produsentane fekk heller ikkje direkte spørsmål om søknadsfristen til RMP. Gjennom intervjuet kom det likevel fram at ein produsent ønsker at søknadsfristen fell på same dato som søknadsfristen til produksjonstilskota. Ein annan produsent opplyser at han gløymte fristen i år.

Kvar enkelt produsent fekk spørsmål om dei får nok informasjon og hjelp frå landbrukskontoret. På dette spørsmålet svarte fire produsentar ja, medan tre svarte at dei får litt hjelp, lite hjelp eller ikkje så mykje hjelp frå landbrukskontoret. Enkelte produsentar presiserer også at dei ønsker å få informasjon på e-post, sms eller i posten. Det er likevel slik at produsentane ikkje er samde om kva kanal som er best å bruke til å gi informasjon. Vidare påpeikar to produsentar at det var reint tilfeldig at dei fekk kjennskap til RMP-ordninga og at det var frå andre produsentar at dei fekk informasjonen. Dette kan tyde på at RMP ikkje vert godt nok kommunisert ut til søkarane.

Når det gjeld kjennskap til ordninga, svarar fleirtalet, og totalt fem produsentar, at dei er usikre på om dei kunne ha søkt om fleire tilskot i RMP-ordninga. Ein produsent svarar til dømes at han er usikker på om han kunne ha søkt om fleire tilskot i RMP fordi han ikkje ønsker å gjere feil, men at det er litt å henta

på tilskota og at det er synd å gå glipp av dei. Same produsent har også oppgitt at det er lite informasjon å få frå landbrukskontoret. Ein annan produsent presiserer at han fekk kjennskap til ein ny ordning han kunne søke på gjennom RMP, då det kommunale landbrukskontoret gjennomførte ein kontroll på bruket.


Svara frå kommunane og produsentane gir inntrykk av at det er variasjon mellom kommunane både på kor mykje hjelp dei gir produsentane i søknadsprosessen, og kor godt ordninga med RMP er kjent blant produsentane.

4.2 Skjøtsel og aktivitet i Hordaland

Eit sentralt spørsmål i denne evalueringa er kor vidt RMP er eit hensiktsmessig verkemiddel som stimulerer til og sikrar god skjøtsel og aktivitet som svarar til nasjonale- og regionale målsettingar. Med utgangspunkt i spørjeundersøkinga til kommunale landbrukskontor, skal dette undersøkast nærmare for miljøtema kulturlandskap, biologisk mangfald og kulturminner. Landbrukskontora har berre svara på spørsmål om miljøtema og tiltak som er aktuelle i deira område. I tillegg til spørje-undersøkinga blir svar frå jordbruksføretak, om skjøtsel og aktivitet, gjennomgått i del 4.2.4.

4.2.1 Nivå på tilskotssatsar

For miljøtema kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturminne og vatn og luft, svarar dei fleste kommunale landbrukskontor at nivået på tilskotssatsane er «passe høge» i høve til å skape aktivitet og god skjøtsel, sjå figur 15. Ikkje alle miljøtema er aktuelle for alle landbrukskontor som har svara på spørjeundersøkinga. Kulturlandskap er aktuelt for 19 landbrukskontor (n=19), medan biologisk mangfald, kulturminne og vatn og luft er aktuelle for høvesvis 16, 16 og 15 landbrukskontor. For miljøtema kulturlandskap, svarar 5 landbrukskontor at dei finn tilskotssatsane noko låge, og innanfor miljøtema kulturminne, biologisk mangfald og vatn og luft finn høvesvis 2, 2 og 1 landbrukskontor satsane noko låge i høve til å skape aktivitet og god skjøtsel.




Figur 15. Prosentfordeling av svar på spørsmål om nivå på satsar til kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturminner og til vatn og luft, er passe i høve til å skape aktivitet og god skjøtsel

Ulike miljøtema inneheld fleire tiltak med ulik utmålingseining, satsar og tak for tilskot, sjå del 2.3.3. Til dømes inneheld miljøtema kulturlandskap 9 ulike tilskotssatsar. Slik sett kan det vere vanskeleg for landbrukskontor å svare på spørsmålet om nivået på satsane for ulike miljøtema er høge nok til å skape aktivitet og god skjøtsel. Eit kontor har kommentert dette for miljøtema kulturlandskap og påpeiker at svaret på spørsmålet er «både og, avhengig av tiltak». Eit anna landbrukskontor held fram at spesielt eit tiltak knytt til bratt areal er viktig for dei som driv tungdrevne og bratte areal i deira kommune, mens eit anna landbrukskontor kommenterer at «(..) i dei fleste høve er det slik at tilskotet ikkje er utløysande for om tiltaket vert utført eller ikkje (..)». Det sistnemnte landbrukskontoret peiker likevel på at dette ikkje gjeld alle tiltak, men «i dei fleste høve». Dette tydar på at enkelte tiltak innanfor ulike miljøtema er viktigare for å sikre skjøtsel og aktivitet enn andre, og at kva tiltak dette gjeld varierer frå kommune til kommune.

4.2.2 Kulturlandskap

Tilskot til kulturlandskap er inndelt i tiltak knytt til veglause område, bygdenært (tilskot til innmarksbeite i landskapspark), bratt areal (inkl. frukt), drift av beitelag og beite i utmark. Av desse tiltaka er bygdenært (landskapsparkar) og beite i utmark nye ordningar for gjeldande RMP-periode. Det ei prioritert målsetting at jordbrukets kulturlandskap skal haldast i aktiv drift i heile fylket (Fylkesmannen i Hordaland, 2013). Utgangspunktet for at tilskot til kulturlandskap er prioritert høgt i RMP, er at landbruket i Hordaland har mange små teigar og bratt areal, samt større grad av ekstensiv drift enn mange andre fylke, opplyser Fylkesmannen.

Når det gjeld kor vidt RMP-tilskotet er viktig for å sikre skjøtsel av kulturlandskapet i kommunen, har 19 kommunale landbrukskontor svara på dette, sjå figur 16. Svara fordelar seg på ein skala frå 1 til 6, der svaralternativ 1 inneber at landbrukskontoret finn tilskot til å sikre skjøtsel av kulturlandskapet «svært viktig», medan svaralternativ 6 inneber at landbrukskontoret finn dette «ikkje viktig». Rundt halvparten (9 av 19) svarar i den positive enden av skalaen (svaralternativ 1 til 3), medan 10 av 19 er meir negativ til at RMP-tilskot er viktig for å sikre skjøtsel av kulturlandskapet i kommunen (svaralternativ 4 til 6). Svar i den positive enden av skalaen tyder på at tilskot til kulturlandskap er viktig i desse kommunane, medan svar i den negative enden av skalaen kan tyde to ting. Enten er ikkje tilskot til kulturlandskap svært viktig i kommunen, og/eller så er ikkje tilskot til kulturlandskap utløysande for at skjøtsel av kulturlandskapet blir gjennomført. Her er det også viktig å huske på at enkelte landbrukskontor kan ha misforstått svaralternativa.




Figur 16. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til skjøtsel av kulturlandskap

Kor vidt RMP-tilskot er viktig for å sikre skjøtsel av kulturlandskapet, er eit generelt spørsmål som ikkje får fram kor viktige ulike tiltak innanfor dette aktivitetsområdet er. Dei kommunale landbruks-kontora har difor også fått spørsmål knytt til dei ulike tiltaka. Ettersom bygdenært og beite i utmark er nye ordningar i gjeldande RMP-periode, blir svara knytt til desse tiltaka gjennomgått først. Deretter følgjer svar knytt til drift av beitelag, veglause område og bratt areal (inkl. frukt).

Bygdenært gjeld jordbruksføretak som er registrert som medlemmar i ein landskapspark. Arbeidet med landskapsparkar vart starta for rundt ti år sidan og skulle søke å skape nærings- og bygdeutvikling gjennom lokalt samarbeid. Eit viktig kriterium for å kunne bli landskapspark var at jordbruksføretak tok felles initiativ og at dei aktivt søkte å vidareutvikle området. Ingen nye område har fått status som landskapspark dei siste åra og informasjon om korleis ein kan danne ein landskapspark ligg ikkje ute på nett m.m. Fylkesmannen i Hordaland, ved landbruksavdelinga, oppgir at dei ikkje arbeider med å etablere nye landskapsparkar. Dette inneber at det berre er dei områda som tidlegare har fått status som landskapspark, som kan søke tilskot i gjeldande RMP-periode (2013–2017). Ei målformulering i gjeldande RMP-periode er likevel at prioriterte jordbrukskulturlandskap, kystlynghei og landskapsparkar, skal aukast innan 2020 (Fylkesmannen i Hordaland, 2013). Vidare er det i gjeldande programperiode for RMP Hordaland ei målsetting å auke areal av kystlynghei og bygdenært areal i landskapsparkar med god skjøtsel av kulturlandskapet. Kystlynghei fell inn under biologisk mangfald og blir gjennomgått i del 4.2.3.

Av dei 19 landbrukskontora som har svara på spørjeundersøkinga, er bygdenært berre aktuelt for 6 kontor, sjå figur 17. Fem av desse seks landbrukskontora svarar i den positive enden av skalaen på spørsmålet om tilskot til bygdenært bidreg til auka aktivitet generelt i landskapspark (svaralternativ 1 til 3), medan eit landbrukskontor svarar at det ikkje er viktig (svaralternativ 6). Når det gjeld spørsmål om tilskot til bygdenært bidreg til auka aktivitet generelt i landskapsparken, er svara fordelt omtrent likt.




Figur 17. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til bygdenært.

Enkelte landbrukskontor har kommentert ordninga for bygdenært. Eit kontor påpeiker at bønder vert meir medvitne om korleis beitinga verkar inn på kulturlandskapet og at fleire bønder har sau på heimebeite for å halde beitet meir stelt. Eit anna kontor kommenterer at enkelte oppfatar dette som ei generell ordning for innmarksbeite, medan eit anna kontor er spørjande til om det er lurt å ha ordningar som berre gjeld i enkelte kommunar. Dette kontoret etterlyser meir generelle og miljøretta ordningar som når fleire kommunar.

Beite i utmark, som også er ei ny ordning i inneverande periode for RMP, kan løyvest til føretak som deltek i organisert beitebruk i fjellet. Bakgrunnen for at dette tilskotet kom med i RMP Hordaland, er blant anna at det blir færre bønder og at beitelaga kan utgjere eit viktig fagmiljø for bønder (Fylkesmannen i Hordaland, 2013). Vidare er hensikta at det kulturlandskapet som beitinga skaper, er med på å auke opplevinga for dei som ferdast i naturen, og at dette kan vere viktig for turismen. Ei anna hensikt er å dempe beitekonfliktar, samt å betre kontakten mellom beitenæringa og det offentlege m.m. Vidare er det ei målsetting i gjeldande RMP-periode at bruk av fjellbeite som sommarbeite for dyra, skal oppretthaldast.

Av dei 19 landbrukskontora som har svara på spørjeundersøkinga, er beite i utmark aktuelt for 17 kontor, sjå figur 18. 14 av 17 landbrukskontor svarar i den positive enden av skalaen på spørsmålet om tilskot til beite i utmark er viktig for tal dyr som vert sende til fjells i kommunen (svaralternativ 1 til 3), medan 3 landbrukskontor svarar at dette ikkje er like viktig (svaralternativ 4 til 6). Når det gjeld kor vidt tilskotet er viktig for å oppretthalda kulturlandskapet i beiteområda i kommunen, er svara ikkje fordel på same måte. Då svarar 5 landbrukskontor at tilskotet ikkje er like viktig (svaralternativ 4 til 6), medan 12 svarar at det er viktig (svaralternativ 1 til 3).



Figur 18. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til beite i utmark.


Enkelte landbrukskontor som har svara på spørjeundersøkinga, har også kommentert ordninga. Eit kontor held fram at dette er eit målretta tiltak som treff mange, medan ein annan kommune påpeiker at dei fleste som sender dyr på beite i fjellet er avhengige av å gjere det. Slik sett indikerer det sistnemnte landbrukskontoret at aktivitet og skjøtsel ikkje nødvendigvis kjem av tilskotsutbetalingane gjennom RMP. Fire andre landbrukskontor held fram at dette er ei viktig ordning, trass i at kommunen ikkje har fjellbeite. Jordbruksføretak får nemleg tilskotet sjølv om dyra vert sende til fjells i andre kommunar.



Sauer på beite i utmark
Foto: Øyvind Vatshelle

Drift av beitelag, eller organisert beitebruk, gjeld organisert tilsyn og organisert sanking av sau/geit og hest/storfe ved fellesbeiting av utmarksareal og innmarksbeite. Det er leiar av beitelaga som legg inn søknad til drift av beitelag. Dette tilskotet er aktuelt for 15 av dei 19 landbrukskontora som har svara på spørsmålet, og alle kontora er einig eller delvis einig i at tilskot til beitelag bidreg til auka samarbeid mellom føretak (svaralternativ 1 til 3), sjå figur 19. Vidare er 12 av 15 landbrukskontor einig eller delvis einig i at tilskotet fører til auka beitebruk (svaralternativ 1 til 3), medan 3 av 15 kontor er delvis ueinige i dette (svaralternativ 4 og 5).


Eit kontor kommenterer at satsane har minka veldig og at det då blir mindre rom for større samarbeid i beitelaga. Vidare påpeiker eit anna landbrukskontor at tilskotet truleg kan auka samarbeidet mellom jordbruksføretak, men at det ikkje verkar særleg inn på bruk av beite.



Figur 19. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til drift av beitelag

Veglause område gjeld tilskot til drift av veglause kyst- og fjordgardar og er aktuelt for 15 landbrukskontor som har svara på spørjeundersøkinga. Fem av ni landbrukskontor svarar at tilskot til veglause område ikkje er like viktig for framhald av drifta i slike område (svaralternativ 4 og 5), medan 4 av 9 landbrukskontor svarar at det er viktig eller svært viktig (svaralternativ 1 til 3), sjå figur 20.

For å få tilskot til veglause område er det krav om drift ved slått eller beiting av full- og overflatedyrka areal som er større enn 5 dekar og som er utan veg, bru eller ferje. Vidare er det ei målsetting i gjeldande RMP-strategi å oppretthalde drift på kyst- og fjordgardar utan veg og på bratt jordbruksareal. 7 av 9 landbrukskontor, meiner at krava til drift av veglause område er strenge eller noko strenge (svaralternativ 2 og 3), medan 2 ikkje meiner dette (svaralternativ 5), sjå figur 20.



Figur 20. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til veglause område.

I tilknytning til tiltak for veglause område, har enkelte landbrukskontor kommentert ordninga. Eit kontor held fram at regelverket er for komplisert, medan eit anna kontor påpeiker at dei har fleire gardar som ligg veglaust til, men at desse i stor grad er fråflytta og har fritak frå bu- og driveplikt.


Bratt areal gjeld føretak der minst 30 prosent av full- og overflatedyrka areal er brattare enn 1:5 eller 1:3. Ein føresetnad for å få tilskot til bratt areal er at arealet blir slått minst ein gong kvart år. Kvart føretak kan berre løyvast tilskot til maksimalt 50 dekar.



For å stimulere til fortsatt drift av bratte fruktgardar, vert det gjeve eit særskilt tillegg for frukt dyrking. Tilskotet føreset at jordbruksføretak får tilskot til bratt areal.
Foto: M. Meland

Tilskot til bratt areal er aktuell for 13 av 19 landbrukskontor som har svara på spørjeundersøkinga, sjå figur 21. Alle utanom eit landbrukskontor, svarar at tilskot til bratt areal er viktig for å oppretthalde drift på bratt areal (svaralternativ 1 til 3). Det siste landbrukskontoret svarar at dette ikkje er fullt så viktig (svaralternativ 4).

Føretak som har bratt areal, kan i tillegg søkje på ordninga «areal med spesielle verdiar» dersom det er fruktproduksjon på det bratte arealet. Bratt areal med frukt er berre aktuelt for 5 av 19 landbrukskontor som har svara på spørjeundersøkinga, og alle svarar at tilskotet er viktig for fruktdyrkinga i kommunen (svaralternativ 1 og 2), sjå figur 21.




Figur 21. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til bratt areal.

Ordninga for bratt areal er i tillegg kommentert av enkelte landbrukskontor i spørjeundersøkinga. Eit kontor påpeiker at kravet om at 30 prosent av arealet brukaren disponerer skal vere brattare enn 1:5, gjer at enkelte jordbruksføretak fell rett under denne grensa. Grunnen til det er ofte at slike bruk leiger areal andre stadar og at desse areala gjerne er areal som ikkje tilfredsstillar krav til bratt areal. Dette gjer at jordbruksføretaket ikkje kan søke om tilskot til bratt areal. Dette argumentet blir også påpeika av to andre kontor. I følgje det eine kontoret gagnar grensa på 30 prosent små bruk som berre slår eige areal og som ikkje har leigd areal. Eit siste kontor held fram at dei fleste må drive heile arealet for å få nok før. Denne kommentaren peiker i retning av at tiltaket ikkje gir auka skjøtsel og aktivitet. Dei fleste landbrukskontora som har svara på spørjeundersøkinga meiner likevel at denne ordninga fører til at drift på bratt areal blir oppretthalde.

4.2.3 Biologisk mangfald

Ei målsetting i gjeldande RMP-strategi er at eit mangfald av naturtypar med registrert biologisk mangfald, skal restaurerast og haldast ved like innan 2020. Dette inneber at i perioden skal kystlynghei, artsrik slåttemark, artsrik beitemark og område med styvingstre prioriterast. Ordninga for biologisk mangfald inneheld tiltak knytt til desse prioriteringsområda. I 2014 og 2015 kunne produsentar også søke om tilskot til bevaringsverdige husdyrassar, men denne ordninga blei tilbakeført som ei nasjonal ordning i 2016. Tilskot til kystlynghei beita med utegangarsau var også eit nytt tiltak i gjeldande RMP-periode, men tilskotet fall vekk frå RMP Hordaland ved søknadsomgangen i 2015 som følgje av ei endring i produksjonstilskot. Dei andre tiltaka knytt til biologisk mangfald er vidareført frå førre RMP-periode.

I spørjeundersøkinga er aktivitetssområde biologisk mangfald aktuelt for 16 av 19 landbrukskontor, sjå figur 22. På spørsmålet om tilskot til biologisk mangfald er viktig for å ivareta viktige biotopar i kommunen, har 12 landbrukskontor svara at dette er viktig eller svært viktig (svaralternativ 1 til 3), medan 4 kontor ikkje finn dette like viktig (svaralternativ 4 til 6). Tre landbrukskontor understreker vidare at det er få søkjarar til ordninga. Eit anna landbrukskontor påpeiker at kunnskap om rett skjøtsel av areal som omfattast av biologisk mangfald, ville ha vore betre, men at ordninga er bra for bevisstgjerung. Eit siste landbrukskontor held fram at dette truleg er eit tilskot som enkelte føretak ikkje er merksame på, og eit tilskot som det er viktig at kommunen informerer aktuelle føretak om, med utgangspunkt i opplysningar i naturbase.no.



Figur 22. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til biologisk mangfald.


Tilskot til kystlynghei beita med utegangarsau gjaldt føretak som kunne søke tilskot til kystlynghei og som kunne søke om tilskot om utegangarsau i produksjonstilskot. Ved jordbruksoppgjeret i 2014 vart tilskot til utegangarsau i produksjonstilskot endra til ein lik sats som til vanleg sau. Dette gav eit auke i det nasjonale tilskotet for utegangarsau. Med bakgrunn i dette vart det gjort ei vurdering om at det ikkje lenger var nødvendig å løyve tilskot til kystlynghei beita med utegangarsau.

Tilskot til skjøtsel av kystlynghei gjeld kystlynghei som blir drifta lyngsviung og med vinterbeiting i minst tre månader og med tilstrekkeleg beitepress. Vidare bør alt arealet vere svidd i løpet av ein 20-årsperiode og dette svarar til at rundt 5 prosent av arealet vert svidd kvart år i gjennomsnitt. I nokre år er det dårlege tilhøve for sviung og difor bør 5 prosent av arealet vere svidd i løpet av dei siste åra. I Hordaland er det i gjeldande RMP-strategi prioritert å auka jordbrukskulturlandskap med kystlynghei innan 2020.



Skjøtsel av kystlynghei er ei ordning i RMP Hordaland. Kystlynghei fekk status som utvalt naturtype i 2015. Ein viktig føresetnad for god skjøtsel er tilstrekkeleg vinterbeiting og lyngsviing.
Foto: Øyvind Vatshelle

I spørjeundersøkinga svarar 6 av 8 landbrukskontor at tilskot til skjøtsel av kystlynghei er viktig eller svært viktig for å ivareta kystlynghei (svaralternativ 1 og 2), medan to kontor meiner at dette ikkje er like viktig (svaralternativ 4 og 5). I tillegg oppgir eit kontor at denne ordninga er vanskeleg å kontrollere og at ein kanskje heller burde gitt støtte til brenning av kystlynghei (tal dekar per år). Eit anna kontor held fram at tilskotssatsen og taket¹² er satt for lågt, medan eit siste kontor påpeikar at skjøtselkrava er kompliserte.



Figur 23. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til kystlynghei.

Tilskot til skjøtsel av slåttemark kan løyvast til artsrik eng som har vore i langvarig hevd gjennom regelmessig slått, så lenge areala vert skjøtta i samsvar med retningslinjer som er fastsett av Fylkesmannen. Arealane må vere registrert i naturbase.no og Fylkesmannen kan godkjenne nye areal. I spørjeundersøkinga svarar 11 av 13 landbrukskontor at tilskot til skjøtsel av slåttemark er viktig eller svært viktig for å ivareta artsrike slåttemarker (svaralternativ 1 til 3), medan to kontor ikkje finn dette

¹² Tilskotssatsen til kystlynghei er førebels satt til 20 kr per dekar og maksimal utbetaling per føretak er kr 10 000 (Fylkesmannen i Hordaland, 2016b).

like viktig (svaralternativ 5 og 6). I sammenheng med dette tiltaket påpeiker eit kontor at tilskotet er viktig, men at ytterlegare og forsterka informasjon frå kommunen kan gjere at tilskotet når fleire. To kontor held fram at ordninga gjeld svært få, og det eine kontoret held også fram at produsentar truleg synes det vert for mykje bry å kontakte Fylkesmannen for å få arealet godkjent og inn i naturbase.no.



Figur 24. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til skjøtsel av slåttemark




Slåttemark har ein spesiell og artsrik flora, mellom anna på grunn av lite tilført gjødsel. Gjengroing eller moderne drift truar artsrik slåttemark. Gjennom RMP Hordaland kan det søkast tilskot for slåttemarkareal som er registrert i naturbase.no.

Foto: Øyvind Vatshelle

Tilskot til skjøtsel av styvingstre kan løyvast når styvingstre styvast kvart femte til sjuande år. Tilskotet blir og utbetalt i åra mellom kvar styving og er aktuelt for 14 av 19 landbrukskontor som har svara på spørjeundersøkinga, sjå figur 25. I spørjeundersøkinga svarar 10 av 14 landbrukskontor at det er viktig eller svært viktig med tilskot til skjøtsel av styvingstre (svaralternativ 1 til 3), medan 4 landbrukskontor ikkje meiner at dette er eit like viktig tilskot for skjøtsel av styvingstrea (svaralternativ 4 til 6). Eit landbrukskontor held i tillegg fram at skjøtsel av styvingstrea jamt over er «elendig», medan to andre kontor påpeiker at styving ikkje er særleg utbreidd i kommunen lenger. Eit anna kontor påpeiker at det er mange som har gamle styvingstre på eigedomane sine, men at det ikkje er så mange som tek arbeidet med å drive skjøtsel på dei, eller å søka på ordninga.

Kommentarane frå landbrukskontora kan indikere at fleire som har styvingstre ikkje søker om tilskotet eller ikkje er søkargode for tilskotet. Dersom det er riktig at skjøtselen av styvingstrea ikkje er god, kan det tyde på at kontrollen ikkje er god nok, eller at det vert utbetalt tilskot sjølv om skjøtselen ikkje er tilstrekkeleg.




Figur 25. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til skjøtsel av styvingstre.



Styvingstre gir rom for biologisk mangfald og styvingstrea står på innmarks- eller utmarksbeite som er i drift. I Hordaland søker 157 jordbruksføretak om tilskot til skjøtsel av styvingstre, og tilsaman skjøttar dei 4 464 styvingstre. For å få tilskot til skjøtsel av styvingstre, skal styvingstrea styvast kvart femte eller sjuande år, men jordbruksføretak får likevel fast årleg støtte.

Foto: Øyvind Vatsehelle

Beite av verdifulle areal, som er registrert i naturbase.no¹³, gjeld artsrik beitemark som har vore i langvarig hevd gjennom regelmessig beiting, utan jordarbeiding og med svært lite eller utan gjødsling. Fylkesmannen kan godkjenne nye areal. I spørjeundersøkinga svarar 9 av 16 landbrukskontor at tilskot til beite av biologisk verdifulle areal er viktig eller svært viktig for å ivareta biologisk verdifulle areal (svaralternativ 1 til 3), medan 7 landbrukskontor svarar at dette ikkje er like viktig (svaralternativ 4 til 5). Eit landbrukskontor har utdjupa at dette er ei «tulleordning» og at få brukarar skjønner kva dette går ut på, medan eit anna landbrukskontor stiller spørsmål til kva som skil denne ordninga frå «biologisk mangfald» (forf. anm.; skjøtsel av slåttemark). Eit anna kontor held fram at det vanlegvis er beiting som har skapt verdien og at det er rett å fortsatt stimulere til beiting, medan to andre kontor påpeikar at det er få søkarar og at det ikkje er mange førekomstar i kommunen.



Figur 26. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til skjøtsel (her; beite) av biologisk verdifulle areal

Tilskot til bevaringsverdige husdyrraser (vestlandsk fjordfe, raukolle og fjordhest) er tatt ut av RMP. Tilskotet er tilbakeført til nasjonal ordning og ligg i dag under produksjonstilskot. Tilskotet blei innført i 2000, men blei lagt inn under RMP frå 2005 (Landbruksdirektoratet, 2016a). Ved jordbruks-oppgjeret i 2015 blei tilskot til bevaringsverdige storferasar, som vestlandsk fjordfe og raukolle, tilbakeført til produksjonstilskot, medan tilskot til fjordhest blei tilbakeført til produksjonstilskot ved jordbruksoppgjeret i 2016. Bakgrunnen for tilbakeføringa var blant anna at vilkår, satsar og raser som ga grunnlag for RMP-tilskot varierte mellom fylke (Landbruksdirektoratet, 2016b).

4.2.4 Kulturminne


Ei målsetting i gjeldande RMP-strategi er å betre status (kvantitet og kvalitet) for kulturminne og kulturmiljø innan 2020 (Fylkesmannen i Hordaland, 2013). Tiltak som er prioritert innanfor kulturminne er stølsmiljø, gravminne, gravfelt, steingarder og skjøtsel av viktige kulturhistoriske område. Av desse tiltaka er skjøtsel av viktige kulturhistoriske område, ei ny ordning i gjeldande RMP-periode.

I spørjeundersøkinga har alle (19) landbrukskontor tiltak innafør aktivitetsområde kulturminne, men eitt kontor har ikkje svara på spørsmålet om tilskot til kulturminne er svært viktig for god skjøtsel av kulturminne, sjå figur 27. 13 av 18 landbrukskontor har svart at tilskot til kulturminne er viktig eller

¹³ Areal skal vere registrerte som «naturbeitemark», «hagemark», eller «strandeng».

svært viktig for god skjøtsel i spørjeundersøkinga (svaralternativ 1 til 3), medan 5 kontor har svart at dette tilskotet ikkje er fullt så viktig for god skjøtsel av kulturminne (svaralternativ 4 og 5).


I samanheng med dette spørsmålet, har nokre kontor enkelte tilleggskommentarar. Eit kontor held fram at utfordringa ikkje ligg i å ta vare på gravhaugar og andre ting som er automatisk freda, men at det er det «synlege» kulturlandskapet og dei som tek skjøtsel av dette på alvor som burde ha vore premierte. Eit anna kontor held fram at det er få søkarar, medan eit anna kontor påpeikar at det er veldig forskjellig kor stor kostnad det er ved skjøtsel av ulike typar kulturminne. Eit siste kontor påpeiker at det kan vere vanskeleg å skilje ordningane frå kvarandre.



Figur 27. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til skjøtsel av kulturminne


Skjøtsel av viktige kulturhistoriske område er ei ny ordning i inneverande programperiode for RMP Hordaland, og tilskot kan løyvast til kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova eller som er regulert etter Plan og bygningslova som spesialområde eller omsynssone «kulturmiljø». Vidare skal ikkje freda bygningar og anlegg endrast utan at kulturminneforvaltinga i Hordaland fylkeskommune har gitt dispensasjon. Ei avklaring rundt vedlikehald og istandsetjing av bygningar som ligg i omsynssoner, skal også gis av Hordaland fylkeskommune.

I spørjeundersøkinga svarar 14 av 19 landbrukskontor at skjøtsel av viktige kulturhistoriske område er aktuelt i deira område, sjå figur 28. 11 av 14 landbrukskontor svarar at tilskot til skjøtsel av viktige kulturhistoriske område er viktig eller svært viktig (svaralternativ 1 til 3), medan 3 kontor svarar at dette ikkje er fullt så viktig for skjøtsel av desse områda (svaralternativ 4 og 5). I tilknytning til dette tiltaket har to landbrukskontor kommentert ordninga. Det eine landbrukskontoret held fram at det er få søkjarar, medan det andre landbrukskontoret påpeiker at utbetalingane er små i høve til meirarbeidet for landbrukskontoret.



Figur 28. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til skjøtsel av viktige kulturhistoriske område

Tilskot til støling gjeld einskild eller felles støl med aktiv drift. Dette tilskotet er berre aktuelt for 5 av landbrukskontora som har svara på spørjeundersøkinga, sjå figur 29. Av desse meiner 4 av 5 landbrukskontor at tilskot til støling er viktig eller svært viktig for å oppretthalde drift av stølane (svaralternativ 1 til 3), medan eit kontor ikkje meiner at dette er like viktig (svaralternativ 4). For å få tilskot til støling, må føretaket ha hovuddelen av mjølkeproduksjon med ku eller geit på stølen i minst fire veker i sommarhalvåret og denne produksjonen skal skje innanfor kvote eller i samsvar med forskrift om fritak frå overproduksjonsavgift ved lokalt foredling av mjølk. Når det gjeld kor vidt landbrukskontora oppfattar regelen om at størstedelen av produksjonen skal skje på stølen som for streng og at den hindrar at fleire opprettheld drift på stølane, er 3 av 5 landbrukskontor delvis einige i dette (svaralternativ 2 og 3). To landbrukskontor er derimot delvis ueinige i dette (svaralternativ 5).




Figur 29. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til støling

I samanheng med spørsmål til tilskot til støling, har to kontor kommentert ordninga. Det eine kontoret påpeiker at dette er ei god ordning for dei få den treff. Det andre landbrukskontoret påpeikar at dei har få søkjarar, men at tilskotet er svært viktig for dei det gjeld.

Eit anna tilskot som er knytt til støling, er tilskot til støling med foredling og direktesal frå stølen. Dette tilskotet er berre aktuelt for 2 av 19 landbrukskontor, og begge kontora held fram at dette er eit viktig eller svært viktig tilskot (svaralternativ 1 og 3).

Svara frå landbrukskontora tydar på at tilskot til støling er viktig for å oppretthalde aktiviteten på stølane, og at dette er eit tilskot som bør vidareførast sjølv om det er få søkarar.


Skjøtsel av gravminne og gravfelt gjeld gravminne eller gravfelt som er automatisk freda etter lov om kulturminner. Gravminnet eller gravfeltet skal skjøttast ved beiting og/eller slått og i samsvar med retningslinjer frå Riksantikvaren. I spørjeundersøkinga er skjøtsel av gravminne og gravfelt aktuelt for 15 av 19 landbrukskontor. På spørsmål om tilskot til skjøtsel av gravminne og gravfelt er viktig for god skjøtsel, svarar 10 av 15 landbrukskontor at dette er viktig eller svært viktig (svaralternativ 1 til 3). 5 av 15 landbrukskontor meiner derimot at tilskotet ikkje er fullt så viktig eller ikkje viktig for å sikre god skjøtsel av kulturminne (svaralternativ 4 til 6).



Figur 30. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til skjøtsel av gravminne og gravfelt

I samanheng med spørsmål om skjøtsel av gravminne og gravfelt, har 3 landbrukskontor kommentert ordninga. Eit landbrukskontor held fram at dei ikkje ser at ordninga fremmar skjøtsel, medan eit anna kontor påpeiker at det er svært forskjellig kva skjøtsel som er nødvendig for gravminne, men at ordninga synleggjer at kulturminne er viktig. Det siste kontoret påpeiker at tilskotssatsen ligg høgt i høve til kva skjøtsel som vert gjort.

Skjøtsel av automatisk freda kulturminne gjeld andre kulturminne som ikkje er dekkja gjennom ordningane skjøtsel av gravminne og skjøtsel av gravfelt. Andre kulturminne kan blant anna vere buplassar, hustufter, dyrkingsspor, og for å få tilskotet må kulturminna ligge på eller i nær tilknytning til jordbruksareal. I spørjeundersøkinga er skjøtsel av automatisk freda kulturminne aktuelt for 15 av 19 landbrukskontor. Ti av 15 landbrukskontor meiner at tilskotet er viktig eller svært viktig for å god skjøtsel av kulturminna (svaralternativ 1 til 3), medan 5 landbrukskontor meiner at dette ikkje er viktig eller ikkje fullt så viktig for å sikre skjøtsel (svaralternativ 5 og 6).




Figur 31. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Tilskot til skjøtsel av steingarder kan løyvast til vedlikehald av steingardar på innmark og dei må vera minst 75 cm høge, haldast såpass fri for vegetasjon at den er synleg, samt vere i slik stand art den står fram som eit gjerde i landskapet.



Mange kommunar har ein strategi om å gje SMIL-tilskot til vøle av steingard. Når steingard er i god stand, kan jordbruksføretak søke om tilskot til skjøtsel av steingard gjennom RMP Hordaland. I Hordaland vart det løyva tilskot til i underkant av 97 000 meter steingard i 2016. Foto: Kari Mostad

I spørjeundersøkinga er skjøtsel av steingarder aktuelt for 19 landbrukskontor. 16 av 19 landbrukskontor meiner at tilskotet er viktig eller svært viktig for vedlikehald av steingardar (svaralternativ 1 til 3), medan tre landbrukskontor meiner at dette ikkje er fullt så viktig (svaralternativ 4). I samanheng med dette spørsmålet har eit landbrukskontor kommentert at kommunen har få søkarar og at dei opplever at tilskotet ikkje utløyser ekstra motivasjon for å halde steingardar ved like etter krava, då dette ikkje vert prioritert som arbeidsoppgåve i ein hektisk kvardag. Eit anna landbrukskontor påpeiker at dei har enkelte søkarar som restaurerer steingardar med midlar gjennom SMIL-ordninga og at dei gjerne søker RMP-tilskot for vidare skjøtsel.



Figur 32. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til skjøtsel av steingarder

4.2.5 Svar frå jordbruksføretak om skjøtsel og aktivitet

I alt er sju jordbruksføretak stilt spørsmål om skjøtsel og aktivitet knytt til RMP-ordninga. Dette er ikkje mange svar, men svara gir likevel eit inntrykk av korleis produsentar opplever ordninga.


På spørsmål om dei må gjere noko annleis med drifta for å få tilskot gjennom RMP, svarar fire av sju produsentar nei, ein svarar ja og to svarar «tja» eller «ikkje så mykje». Fleirtalet, og totalt seks av sju produsentar, svarar likevel at RMP-ordninga har ført til at dei har gjort tiltak som dei elles ikkje ville ha gjort. Kva tiltak dette gjeld er forskjellig. Ein svarar at han har dyrka meir areal, to svarar at dei no nyttar slange- eller sprøytespreiar, ein svarar at styvingstrea må haldast ved like, ein produsent påpeikar at han gjer fleire tiltak knytt til beite slik at det ser finare ut, medan ein annan svarar at RMP-ordninga førar til at det vert sett nye mål. Ein produsent svarar også at han ikkje hadde gjort noko på kystlynghei (beite og lyngbrenning) utan tilskotet. Dette inneber at det berre er ein produsent som ikkje sjølv meiner at han har gjennomført tiltak som følgje av RMP-ordninga.

Eit viktig spørsmål i denne evalueringa er kor vidt RMP-tilskota påverkar atferda til produsentar i form av aktivitet og skjøtsel av prioriterte miljøverdier. Alle utanom ein produsent har svarta at RMP-ordninga har ført til at dei har gjort tiltak som dei elles ikkje ville ha gjort trass i at dei fleste ikkje meiner at dei må gjere noko anna med drifta for å få tilskotet. Vidare svarar alle produsentar at dei søkar RMP på grunn av den pengestøtta som dei får. For nokre utgjør ikkje denne pengestøtta svært mykje, men for andre spelar den ei større rolle for driftsøkonomien på garden. Dette inneber at produsentar er økonomisk motiverte og dermed kan RMP-tilskota påverke atferda til produsentar. Kor vidt alle tilskota i RMP-ordninga evnar å påverke atferda til produsentar er likevel ikkje undersøkt fullt ut her.

4.3 Redusert press på miljø og klima

RMP i Hordaland skal medverke til å redusere ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket og dermed redusere presset på miljø og klima (Fylkesmannen i Hordaland, 2013). Meir spesifikt skal vatnførekomstane sikrast og forbeholdt med sikte på at økologisk og kjemisk tilstand skal vere minimum sett til «god». Vidare skal ingen vatnførekomstar i jordbruksdominerte område nedklassifiserast fram til 2021 og dei mest utsette vatnførekomstane i dominerte jordbruksområde skal ha betre status innan 2021. Desse målsettingane er relevant for vant og luft som rommar tiltak for miljøvennleg spreining av husdyrgjødsel og miljøavtale. Begge desse tiltaka er nye i gjeldane RMP-periode.

I spørjeundersøkinga har totalt 15 av 19 landbrukskontor svara på spørsmål om tilskot til reduksjon av utslepp til vatn og luft er effektive i deira kommune, sjå figur 33. I alt 11 landbrukskontor er delvis einige eller heilt einige i at tilskot til reduksjon av utslepp til vatn og luft er effektive (svaralternativ 1 til 3), medan 4 landbrukskontor er delvis eller heilt ueinig i dette (svaralternativ 4 til 6).



Figur 33. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til reduksjon av utslepp til vatn og luft

Vatn og luft inneheld tiltak til miljøavtale og miljøvennleg spreining av husdyrgjødsel, og i spørjeundersøkinga har landbrukskontor fått meir direkte spørsmål knytt til desse tiltaka. Dette blir gjennomgått i dei neste punkta.

4.3.1 Miljøavtale

Innføringa av miljøavtale i Hordaland kan sjås i lys av oppmodinga i nasjonalt miljøprogram (Landbruksdirektoratet, 2012). Denne oppmodinga kom som eit resultat av arbeide med miljøavtaler i Østfold, Akershus og Rogaland. Slike avtaler kunne både utformast for å betre miljøtilstanden over eit samanhengande område, og/eller utformast slik at objekt og førekomstar ikkje forfell. Ordninga i Hordaland fell inn under dette og er retta mot vern av elvemusling.

Miljøavtale i Hordaland er ei avtale om drift av areal mot vassdrag som har lokaliteter for elvemusling, og avtala vert inngått mellom produsent og kommune i utvalte område. Fylkesmannen har koordinert dette arbeidet, medan Rådgivende Biologer AS¹⁴ har kartlagt utbreiing og tilstand til bestandar av elvemusling og Norsk landbruksrådgiving har hatt ansvar for arbeidet med miljøplanar/skjøtselplanar.

Frå byrjinga har tanken vore at miljøavtala skulle vera tilpassa drifta og føretaket si plasseringa i forhold til elva. Fylkesmannen påpeikar at det har vore ein balansegang å skape endringar som monnar i vassdraget, samstundes som tiltak bonden må utføre ikkje bør gjerast svært kostbare eller vanskelege å gjennomføra i praksis (Fylkesmannen i Hordaland, 2016a). Vidare held Fylkesmannen fram at det er viktig å ha fokus på lokale diskusjonar, då desse er viktig for motivasjonen til å gjere endring.

¹⁴ Rådgivende Biologer AS har gitt ut ein rapport om tiltak i landbruket for å verne bestandar av elvemusling i Hordaland (2016b).




Miljøavtale er ei avtale mellom kommunar som har vassdrag med elvemusling og føretak som ligg i nedbørsfeltet til desse vassdraga. Avtala inneber mellom anna å avgrense gjødselmengda på areal i nedbørsfeltet og fem meter randsone til vass-streng med årvis vassføring. I Hordaland gjeld dette Os-vassdraget i Os og Lone-vassdraget på Osterøy.

Foto: Øyvind Vatshelle/Magnus Johan Steinsvåg

I 2015 har 38 gardbrukarar inngått miljøavtale og dette svarar til 17,5 km randsone til elvestrekning og miljøvennleg drift for ca. 3 700 daa dyrka grasareal (Fylkesmannen i Hordaland, 2016a). Totalt i fylket er det om lag 11 400 dekar full- og overflatedyrka jord som er i nedbørsfeltet til vassdrag med elvemusling i Hordaland. Miljøavtale for miljøvennleg drift av grasareal, dekkjer difor rundt 32 prosent av det arealet som er med på å truga elvemuslingen i Hordaland.

Ulike tiltak for å verne om elvemuslingen er blant anna større avstand frå ope vatn ved spreining av husdyrgjødsel, unngå spreining av husdyrgjødsel på seinsommar og haust og i samband med gravearbeid har det vore viktig å unngå at jordpartiklar kjem ut i vassdraget.

I spørjeundersøkinga til kommunale landbrukskontor er miljøavtale aktuell for 4 av 19 landbrukskontor, sjå figur 34. Alle landbrukskontor har svart at tilskot til miljøavtale elvemusling med ugjødsla randsone i eng, er eit godt eller svært godt verkemiddel for å redusere avrenning frå landbruket til vassdrag med elvemusling (svaralternativ 1 til 3), sjå vedlegg 3. Svara representerer svar frå Osterøy, Os, Fusa¹⁵, Samnanger, Bergen og Fitjar, og det er desse kommunane som er omfatta av miljøavtale i RMP-ordninga i Hordaland.



Figur 34. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til miljøavtale og ugjødsla randsone

¹⁵ Fusa, Os og Samnanger kommune har felles landbrukskontor.

I spørjeundersøkinga held landbrukskontoret i Fusa, Os og Samnanger fram at miljøavtale er ei populær ordning å søke på og at dette truleg skuldast gode satsar. Likevel vert det påpeika at søkarar kan bli:

«(..) provoserte over restriksjonane dei er pålagde gjennom avtalen, medan kommunale utslepp, utslepp frå vegar, byggefelt m.m. ikkje er pålagde dei same restriksjonane».

Rådgivende Biologer AS (2016) held fram at det førebels og i mange tilfelle er vanskeleg å skilje mellom ureining frå landbruket og ureining med kloakk frå spreidd busetnad. Vidare held dei fram at utslepp frå kloakk og utbyggingsverksemd er ei utfordring i Mjåtveitelva i Meland kommune. I dette vassdraget påpeikar Rådgivende Biologer at tiltak retta berre mot landbruk ikkje vil vere tilstrekkeleg til å betre miljøet i vassdraget. Meland kommune har ikkje miljøavtale gjennom RMP, men kommenterer likevel i spørjeundersøkinga at dette er ei ordning dei gjerne ville hatt. For Osavassdraget i Os kommune påpeiker Rådgivende Biologer AS at kloakk i større grad har kome inn på kommunalt nett slik at dette ikkje påverkar vassdraget i like stor grad.

I følgje Rådgivende Biologer AS (2016) kan ein ikkje seie med sikkerhet kor stor effekt miljøavtale har hatt for vernet om elvemusling i ulike vassdrag. Dette kjem av at det fanst kunnskap om vasskvaliteten i dei ulike vassdraga, men at denne kunnskapen ikkje var god nok til å foreta ei sikker vurdering av vasskvaliteten før og etter at tiltak vart sett i gang. Det blei likevel prioritert å gjennomføre miljøavtaler med gardbrukarar, fordi dei fleste bestandane av elvemusling i Hordaland har vore låg eller fråverande i lang tid. Rådgivende Biologer AS peiker på kva som kan gjerast betre framover, og då blant anna på at forvaltninga bør ha tilgang på miljøplanen, som nå bare gardbrukaren har, at dialog og diskusjon med gardbrukaren er viktig, og at det er eit behov for å gje hjelp til å finne gode løysingar for å betre kapasitet i gjødselspreiinga m.m.

4.3.1.1 Svar frå jordbruksføretak om miljøavtale

Totalt tre jordbruksføretak er intervjuja på telefon om motivasjon og endringar ved innføring av miljøavtale, sjå spørsmål i vedlegg 6. Dette er ikkje mange jordbruksføretak, men det gir likevel eit lite inntrykk av ordninga.

Når det gjeld kva tiltak eller endringar som gardbrukarane har gjennomført på garden, omfattar dette ulike tiltak. I tillegg til ein gjødslingsfri sone kan ein ikkje gjødsle etter 10. august. Produsenten påpeikar at han likevel ikkje har merka endringar i forhold til avling. Ein annan produsent har fått utarbeida en ny gjødselplan og i denne plana brukar han mindre kunstgjødsel på teigane som er omfatta av miljøavtala. Vidare gjødslar han heller ikkje i randsona. Dette gir mindre avling, men produsenten meiner at dette er kompensert for gjennom tilskotet. Den siste produsenten som er intervjuja påpeiker at han allereie hadde gjennomført dei same tiltaka som det den inngåtte miljøavtala kravde.

Dei tre produsentane som er intervjuja, meiner at det er lett å gjennomføre tiltaka i skjøtselplana til miljøavtala. To av tre produsentar oppgir også at dei er stolte av det arbeidet dei gjer i forhold til vern av elvemuslingen. Den siste produsenten har ikkje tenkt så mykje på kor vidt han er stolt eller ei. Vidare meiner ein produsent at ein ikkje bare bør rette tiltak mot bønder fordi kloakk ol. også er eit problem for vernet om elvemuslingen.

Når det gjeld om noko kunne ha vore betre i forhold til vern av elvemuslingen, påpeiker ein produsent at tiltak ikkje bare bør rettast mot bønder, men at kloakk o.l. også er eit problem. Ein annan produsent synest at ein bør vere strengare mot dei som slepp møkk ut i elva. Den siste produsenten har ikkje kommentarar til dette, men påpeikar at han har tru på at miljøavtale har ein effekt.

Generelt er inntrykket at dei produsentane som er intervjuja meiner at det er viktig å verne om elvemuslingen. Rådgivende Biologer AS (2016) har også påpeikt at gardbrukarar generelt har vore positive til miljøarbeidet som er knytt til miljøavtala.

4.3.2 Miljøvennleg spreieing av husdyrgjødsel


Miljøvennleg spreieing av husdyrgjødsel er ei ny ordning i gjeldande RMP-periode og omfattar bruk av tilførselsslange og eventuelt i tillegg nedlegging av husdyrgjødsel.



Miljøvennleg spreieing av husdyrgjødsel. Ordninga er delt i to tiltak, og då ei for nedlegging av husdyrgjødsel og ei for bruk av slepeslange. På grunn av nasjonal struktur og søkemeny, må jordbruksføretak søke på begge tiltak for å få utbetalt tilskot til miljøvennleg spreieing av husdyrgjødsel. Foto: Lars Ketil Flesland

Miljøvennleg spreieing av husdyrgjødsel er aktuelt for 15 av dei 19 landbrukskontor i spørjeundersøkinga, sjå figur 35. I spørjeundersøkinga er 13 av 15 landbrukskontor i stor grad eller svært stor grad positive til at tilskot til nedlegging med slepeslange bidreg til meir bruk av denne metoden (svaralternativ 1 til 3), medan 2 landbrukskontor meiner dette gjeld i mindre grad (svaralternativ 5). Når det gjeld kor vidt representantane frå kommunale landbrukskontor trur at tilskot til nedlegging med slepeslange også bidreg til redusert avrenning til vassdrag i kommunen, er fleirtalet positive til dette. Totalt 12 av 15 svar heller mot at dette er tilfellet i noko grad, i større grad og i svært stor grad (svaralternativ 1 til 3), medan tre kontor meiner at dette berre gjeld i nokon grad eller i liten grad (svaralternativ 4 og 5).

Eit krav knytt til tiltak om miljøvennleg spreieing av husdyrgjødsel, er at gjødsellageret skal tømmast og at gjødsling skal vere ferdig til 10. august. I spørjeundersøkinga til Fylkesmannen, meiner fleirtalet at denne fristen er for streng. Seks landbrukskontor svarar at fristen i svært stor grad er for streng (svaralternativ 1), fire svarar at fristen er streng (svaralternativ 2) og 3 landbrukskontor svarar at fristen i nokon grad er for streng (svaralternativ 2). To landbrukskontor svarar likevel at fristen i liten grad er for streng (svaralternativ 5).



Figur 35. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til nedlegging med slepeslange og regel for gjødsling

Fylkesmannen i Hordaland opplyser at dei har dispensasjon til å endre fristen som er sett til 10. august. Dette blei gjort i 2016 på grunn av mykje nedbør i juli. Mykje nedbør aukar potensialet for utvasking av husdyrgjødsla, samt gjer det vanskeleg å gjennomføre slåtten utan pakking av jorda.

I denne evalueringa er det ikkje undersøkt nærare kor vidt det er gunstig å setje fristen for å tømme gjødsellageret, og for spreining av husdyrgjødsel til 10. august, men Fylkesmannen i Hordaland meiner datoen er riktig for å sikre at gjødsla vert nytta i vekstsesongen og slik at ein kan hauste avlinga. Landbrukskontora meiner likevel at fristen 10. august er for streng. Ut frå spørjeundersøkinga kan ein ikkje vite om dei meiner fristen er for streng fordi det er problem med å få tømte gjødsellagra, eller om det er fordi dei vurderer vekstsesongen til å være lengre enn det Fylkesmannen har gjort.


Generelt er det slik at spreining av husdyrgjødsel tidleg i vekstsesongen gir best utnytting av næringsstoff til plantevekst og dermed mindre risiko for tap. På hausten er det lite utnytting av næringsstoff til plantevekst ved gjødsling og risiko for utvasking i periodar med vassoverskot. Slik sett er det truleg gunstig å justere frist for gjødsling vekk frå tidspunkt med store vassoverskot, slik som det blei gjort av Fylkesmannen i Hordaland i 2016.

4.4 Synleggjering av miljøinnsatsen

Eit viktig mål for RMP i Hordaland fylke, er at RMP skal styrke miljøarbeidet i jordbruket og synleggjere miljøinnsatsen til jordbruket for ålmenta. For å vurdere kor vidt miljøinnsatsen er styrka og synleggjort gjennom RMP, blir svar frå kommunale landbrukskontor og svar frå jordbruksføretak gjennomgått.

4.4.1 Spørjeundersøkinga og svar om synleggjering av miljøinnsatsen

18 av 19 kommunale landbrukskontor, har svart på spørsmål om kor vidt RMP gjev eit godt grunnlag for å synleggjere miljøinnsatsen i landbruket, sjå figur 36. Fleirtalet, og totalt 13 landbrukskontor, er einig eller heilt einig til at RMP synleggjer miljøinnsatsen i landbruket (svaralternativ 1-3). Dette inneber at 5 landbrukskontor er delvis ueinig eller ueinig til at RMP synleggjer miljøinnsatsen i landbruket (svaralternativ 4 og 5).



Figur 36. Prosentfordeling av svar på spørsmål knytt til synleggjering av miljøinnsatsen i landbruket

Tre av fem landbrukskontor, som er delvis ueinig eller ueinig til at RMP synleggjer miljøinnsatsen i landbruket, representerer kystkommunar, medan dei to andre representerer fjordkommunar. Eit av desse landbrukskontora frå ein kystkommune påpeikar at:

(..) dei fleste av desse ordningane er laga for «innlandet» og fjordlandskapet. Refleksjon rundt kystlandskapet, og kva som er viktig for å ta vare på dette bør komme fram i revisjonen.

I samanheng med dette sitatet, er det viktig å påpeike at flest kystkommunar har svara at dei er delvis einige i at RMP bidreg til å synleggjere miljøinnsatsen i landbruket.

4.4.2 Svar frå jordbruksføretak om motivasjon

Kor vidt produsentar ønsker å synleggjere prioriterte miljøgodar i RMP-ordninga, avheng i stor grad av motivasjonen dei har for å gjere dette. Sju jordbruksføretak er intervjuva på telefon om kva motivasjon dei har for å prioritera miljøgodane i RMP-ordninga, sjå vedlegg 5. Svar knytt til motivasjon frå desse intervjuva vert no gjennomgått.

RMP-ordninga gir ein økonomisk kompensasjon, og denne kompensasjonen kan vere ein indikasjon på at samfunnet viser interesse for dei miljøgodane som er prioriterte i ordninga. Alle produsentar som er intervjuva har svara at det er viktig at samfunnet prioriterer miljøverdiane i landbruket gjennom dei ulike tilskota i RMP. Vidare svarar dei fleste at dei sjølv føler eit ansvar for å ta vare på kulturlandskapet, det biologiske mangfaldet, kulturminner og for vatn og luft. Ein produsent påpeiker likevel at motivasjonen er avhengig av kor vidt miljøtema er aktuell for si drift, og at det slik sett ikkje er alle tiltak han ser poenget i.

Generelt er inntrykket at jordbruksføretak finn det viktig at miljøgoda i landbruket er prioritert i RMP Hordaland og at dei sjølv føler eit ansvar for å ta vare på miljøgodane i landbruket. Det er likevel viktig å poengtere at bare sju jordbruksføretak er intervjuva på telefon. Det er derfor ikkje sikkert at desse sju representerer fleirtalet av jordbruksføretak i fylket.

4.5 Forvaltingskostnader

Forvaltingskostnader er her vurdert i samanheng med det arbeidet Fylkesmannen i Hordaland og landbrukskontora utfører i samanheng med RMP.

Fylkesmannen i Hordaland har ansvar for å utarbeide høring, rundskriv og rettleingshefte kvart år. Vidare har Fylkesmannen i Hordaland ansvar for å utarbeide førebelse og endelege tilskotssatsar, informasjonsarbeid og –formidling til landbrukskontor, faglag og andre interessentar. Fylkesmannen i Hordaland har også høve til å utføre kontroll av RMP Hordaland og har ansvar for klager knytt til vedtak om RMP-tilskot. I tillegg til dette arbeidet, tek enkelte jordbruksføretak direkte kontakt med Fylkesmannen i Hordaland sjølv om det er kommunen som har ansvaret for kontakt og informasjon til desse.

Miljøavtale er eit nytt tiltak i RMP Hordaland som innebar mykje samarbeid, og då spesielt i startfasen. Kor mykje dette arbeidet utgjorde i startfasen er ikkje vurdert her fordi det har vore ei utskifting av dei som handsamer RMP hos Fylkesmannen i gjeldande periode. Når det gjeld tid knytt til samarbeid, opplyser Fylkesmannen i Hordaland at noko tid også har gått med til samarbeid med fylkeskommunen om kulturminne.

Fylkesmannen i Hordaland har anslått at det går med rundt 0,25 prosent av eit årsverk til forvaltning av RMP. Eit årsverk svarar til 1750 timar, og tal timer som går med til forvaltning av ordninga ligg på rundt 438 timer.

Kommunar har ansvar for å kontrollere RMP-søknad frå jordbruksføretak, samt å fatte vedtak om RMP-tilskot til kvart enkelt føretak. Dette arbeidet tek mellom ein halvtime til time for kvar søknad. Vi har lagt til grunn 45 minutt per søknad når søknaden kjem inn elektronisk via eStil.

Enkelte jordbruksføretak søker fortsatt på papir. Opplysningar frå seks landbrukskontor, tyder på at rundt 90 prosent av dei som søker RMP bruker elektronisk søknad, medan rundt 10 prosent søker på papir. Dette stemmer godt med opplysningar frå Fylkesmannen i Hordaland om at rundt 11 prosent fortsatt søker på papir. Når det gjeld papirsøknader, tek dette lengre tid for sakshandsamer som i slike tilfelle må legge inn opplysningar elektronisk sjølv. Opplysningar frå seks landbrukskontor tyder på at dette arbeidet tek rundt 1,5 time til i overkant av 2 timer. Vi har lagt til grunn 2 timer per søknad.

Landbrukskontor gjennomfører kontroll av RMP hos jordbruksføretak. Fem prosent av jordbruksføretaka, som søker på RMP-tilskot, blir kontrollert. I 2016 inneber dette at rundt 63 bruk blei kontrollert. Dette arbeidet tek rundt tre timer og anslaget inkluderer førebuing av kontroll og gjennomføring av kontroll. Utover dette har også landbrukskontor ansvar for informasjonsarbeid retta mot jordbruksføretak. Slikt informasjonsarbeid inkluderer blant anna telefonkontakt og informasjon om frist for RMP. I startfasen var truleg informasjonstrykket større enn i 2016 fordi eit nytt søknadssystem blei innført (eStil). Vi har lagt til grunn eit forsiktig anslag om at det går med rundt 30 timer til slikt informasjonsarbeid. Dette anslaget er basert på opplysningar frå seks landbrukskontor.

Forvaltning av RMP Hordaland for alle landbrukskontor i Hordaland, er anslått til å ligge på rundt 1,1 årsverk i 2016. I startasen av gjeldande programperiode for RMP Hordaland låg truleg tal årsverk som gjekk med til forvaltning av RMP hos landbrukskontor noko høgare enn 1,1 årsverk. Dette er ikkje vurdert her på grunn av for lite informasjon.

Totalt for Fylkesmannen og landbrukskontora går det med rundt 1,4 årsverk til forvaltning av RMP Hordaland, sjå tabell 4. Dersom ein bruker ein timesats på 450 kroner per time¹⁶, svarer dette til ein forvaltingskostnad på kr 1,9 millionar. Dette inneber at forvaltingskostnad i forhold til RMP-tilskot utbetalt (kr 20,2 millionar i utbetalingsåret 2016) ligg på rundt 10 prosent.

Tabell 4. Tal årsverk og kostnad (i millionar kroner) knytt til forvaltning av RMP Hordaland, samt del forvaltningskostnad av RMP-utbetalingar i Hordaland (i prosent)

	2016
Tal årsverk totalt for Fylkesmannen og landbrukskontor	1,4
Forvaltingskostnad totalt, i mill. kr.	1,9
RMP-tilskot utbetalt totalt, i mill. kr.	20,2
Forvaltingskostnad som del av RMP-tilskot utbetalt, i prosent	10 %

Å rekne forvaltingskostnad ved RMP i forhold til RMP-utbetalingar til bonden, er ei metode som det vises til i Søyland m.fl. (2002). Generelt er det slik at jo fleire spesielle miljøtiltak som er inkludert i ei tilskotsordning, desto høgare er forvaltingskostnad sett i forhold til tilskotsutbetalinga til bonden. RMP Hordaland inneheld ei rekke tiltak. Enkelte tiltak krev truleg meir av forvaltinga enn andre tiltak. Dette gjeld blant anna tiltak som krev registrering i naturbase.no, samt arbeid knytt til miljøavtale og då spesielt i startfasen.

Ei hensikt med å starte opp RMP, var at regional forvaltning skulle sikre at spesielle miljøverdier og miljøutfordringar i større grad kunne fangast opp regionalt og ikkje nasjonalt (Søyland m.fl., 2002). Vidare skulle regionale verkemidlar gå til tiltak som elles ikkje ville ha blitt gjennomført og til å ta vare på det som elles ville forsvinne. For å få til dette arbeidet regionalt, er det ei viktig føresetnad at forvaltinga gjer eit solid arbeid som sikrar god skjøtsel og aktivitet, styrking av miljøgodane og synleggjering av miljøgodane i Hordaland. Vidare er det halde fram i Stortingsmelding nr. 9 (2011-2012)

¹⁶ Gjennomsnittleg årslønn for kommune og fylke i 2015 er i følge SSB kr 483 100. I tillegg er det lagt til sosiale utgifter (36 prosent), leie av lokale (kr 20 000), og overhead til administrasjon (20 prosent). Når eit årsverk er 1750 timar, svarer dette til ein timesats på rundt kr 450.

at ein modell kor dei økonomiske miljøverkemidlane forvaltast på tre nivå, i sum gir låge forvaltingskostnader samtidig som det gir rom for å målrette tiltaka som forvaltast regionalt og lokalt.

Ettersom RMP krev regional tilpassing, god kjennskap om lokale høve og inneheld eit breitt spekter av tiltak, er forvaltingskostnader ikkje vurdert som særleg høge. Det er likevel viktig å påpeike at dersom alt arbeidet med å planlegge programperioden også hadde vore inkludert, ville forvaltingskostnader ha vore noko høgare. Vidare kan det ikkje sjås vekk i frå at anslått forvaltingskostnad er påverka av under- eller overrapportering. Vi har nemleg ikkje hatt høve til å undersøke dette i detalj og har basert oss på opplysningar frå seks landbrukskontor og opplysningar frå Fylkesmannen i Hordaland.

5 Vurdering av RMP Hordaland

RMP Hordaland inneheld ei rekke miljøgode med tilhøyrande tiltak som når mange jordbruksføretak, men ikkje alle. Det er heller ikkje hensikta å nå alle jordbruksføretak i Hordaland, men å synleggjere og styrke miljøarbeidet i fylket. Eittersom RMP Hordaland har ei brei tilnærming som søker å synleg-gjere, styrke miljøarbeidet og sikre skjøtsel, er det vanskeleg å måle effekt av ordninga. Ei vurdering av RMP Hordaland vert likevel presentert basert på svar frå spørjeundersøkinga, telefonintervjua og gjennomgangen av verkemiddelbruken.

Produsentar som er intervjuja på telefon, søker RMP for å få pengar og er slik sett økonomisk motivert. Vidare har dei fleste gjennomført tiltak som dei elles ikkje ville ha gjennomført og dette tyder på at RMP til ein viss grad påverkar innrettinga til jordbruksføretaka. Denne vurderinga er likevel tatt på bakgrunn av svært få telefonintervju og det er ikkje sikkert at desse produsentane er representative. Eit anna utval kan gje eit anna svar.

For dei produsentane som er intervjuja, er det viktig at samfunnet prioriterer miljøverdiane i landbruket gjennom dei ulike tilskota i RMP. Vidare er dei også opptatte av å ta vare på dei prioriterte miljøverdiane. Dette inneber at RMP Hordaland truleg synleggjer kva som er prioriterte miljøgode for jordbruksføretaka, gjennom tiltaka som kan søkast på i ordninga.

Ei viktig målsetting for RMP Hordaland er å synleggjere miljøinnsatsen i jordbruket for ålmenta. Denne målsettinga bør truleg sjåast i lys av ei anna målsetting i RMP Hordaland; å sikre eit ope og variert jordbrukslandskap med eit breitt utval av landskapstypar. Dersom RMP Hordaland sikrar eit ope og variert jordbrukslandskap, er miljøinnsatsen i stor grad synleggjort for dei som ferdast i naturen, turistar eller for folk som bur i område med kulturlandskap.

I Hordaland er kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturmiljø og kulturminne, avrenning til vassdrag og kyst og utslepp til luft, prioriterte miljøgode med tilhøyrande tiltak i RMP-ordninga. Dette inneber at det bare er miljøtema friluftsliv og tilgang, samt plantevernmidlar, frå den nasjonale RMP-menyen, som ikkje inngår i RMP Hordaland. Kor vidt friluftsliv og tilgang, samt plantevernmidlar, også burde ha vore ein del av RMP Hordaland, er ikkje vurdert her.

Utbetaling av RMP-tilskot synleggjer i stor grad kva som er prioriterte miljøgodar i Hordaland. Gjennomgangen av verkemiddelbruken viser at flest RMP-midlar blir utbetalt til kulturlandskap som utgjer totalt rundt tre fjerdedel av RMP-utbetalingane i fylket.

Ei viktig grunn til at tilskot til bratt areal er inkludert i RMP Hordaland, er at tilskot til driftsvanske-tilskot for brattlente bruk blei lagt ned som ei nasjonal ordning på tidleg 2000-talet. Andre tilskot som også fall vekk, var blant anna tilskot til seterdrift med mjølkeproduksjon og tilskot til organisert beitebruk. Alle desse tilskotsordningane er vidareført regionalt gjennom RMP Hordaland. At slike ordningar skulle leggjast ned nasjonalt og snarare overførast til regional forvaltning, var ei viktig prioritering i arbeidet med å forenkla og målrette landbrukspolitikken på tidleg 2000-talet (Søyland m.fl., 2002). Å overføre midlar frå sentral og til regional forvaltning skulle sikre at spesielle miljøverdier og miljøutfordringar i større grad kunne fangast opp regionalt. Regionale verkemidlar, eller spesielle verkemidlar, skulle derfor gå til tiltak som elles ikkje ville ha blitt gjennomført, og til å ta vare på miljøgode som elles ville forsvinne.

Jordbruksføretak med bratt areal har ei driftsulempe som andre jordbruksføretak ikkje har. Slik sett er det god dekning for å løyve tilskot til bratt areal. Likevel er det ikkje heilt tydeleg kvifor jordbruksføretak berre kan få tilskot til bratt areal for opptil 50 dekar. Jordbruksføretak har også ei driftsulempe dersom meir enn 50 dekar av det disponible arealet er bratt. Hensikta er i følge Fylkesmannen i Hordaland å tilpasse tiltak retta mot bratt areal til finansieringsramma.

I tillegg til eit tak for tilskot til bratt areal, er det også innført eit minstekrav for å få tilskot til bratt areal i Hordaland. Minstekravet er at bratt areal skal utgjere minst 30 prosent av det disponible arealet. Også

jordbruksføretak som ikkje tilfredsstillar dette minstekravet har ei driftsulempe. Det er likevel ikkje gitt at denne ulempa er like stor som for jordbruksføretak som har meir bratt areal enn 30 prosent av det disponible arealet. Spørsmålet er om minstekravet og/eller tilskottstaket førar til at mykje bratt areal ikkje lenger driftast, eller om tiltak til bratt areal er utforma slik at tilstrekkeleg bratt areal er i drift i Hordaland. Slike forhold er ikkje undersøkt i denne evalueringa, men bør inngå i vurderinga når ny programperiode vert planlagt og når nye tilskottssatsar vert fastsette.

Miljøtema biologisk mangfald er viktig for jordbruksføretak som ligg på kysten. Skjøtsel av kystlynghei fell inn under miljøgode biologisk mangfald og vart utvald naturtype i 2015. Når det gjeld tilskott til skjøtsel av kystlynghei, har Fylkesmannen i Hordaland formulert ei målsetting for inneverande programperiode om å auke prioriterte jordbrukskulturlandskap, slik som kystlynghei, innan 2020. Dette inneber at tilskottssatsen til kystlynghei er høg nok dersom areal med kystlynghei har auka i perioden, eller at den er satt for lågt dersom dette ikkje har skjedd.

Vi har ikkje undersøkt om areal med kystlynghei har auka eller vore stabilt som følge av tilskottet, men trekk fram dette tiltaket fordi det har ein svært lågt tilskottssats og fordi eit av landbrukskontora i spørjeundersøkinga har påpeika at tilskottssats og -taket er satt for lågt. Førebels tilskottssats til skjøtsel av kystlynghei, for utbetalingsåret 2017, er satt til kr 20 per dekar. Til samanlikning er førebels tilskottssats til bratt areal satt til kr 225 per dekar (1:5), kr 460 per dekar (1:3) og i tillegg kr 550 per dekar for søkarar med fruktproduksjon på det bratte arealet (1:5). At tilskottssats til kystlynghei er lågare enn tilskott til bratt areal er ikkje negativt så lenge tilskottet sikrar skjøtsel og aktivitet.

Når det gjeld skjøtselkravet til kystlynghei, er det krav til lyngsviing og minst tre månader vinterbeite med tilstrekkeleg beitepress. I følge rettleiingshefte til RMP Hordaland i 2016, bør alt arealet vere svidd i løpet av ein 20-årsperiode. Dette svarar til at rundt 5 prosent av arealet bør sviast kvart år i gjennomsnitt, men fordi det i nokre år er dårlege tilhøve for sviing, held rettleiinga fram at 5 prosent av arealet bør vere svidd i løpet av dei siste åra. Etersom krav til lyngsviing har noko fleksible rammar i rettleiinga, kan det tenkast at det snarare bør løyvast tilskott til skjøtsel av kystlynghei i dei åra lyngsviinga vert gjennomført og med ein tilsvarende høgare tilskottssats.

Også når det gjeld skjøtsel av styvingstre kan det vere grunn til å vurdere om tilskott bør utbetalast berre dei åra det er aktivitet, med satsar som er tilpassa arbeidet med å styve trea.

Det er viktig å vurdere om nivået på tilskottssatsar til ulike tiltak står i forhold til målsettinga som blir satt i ein programperiode. I planlegginga av ein programperiode, er det slik sett viktig å sette realistiske målsettingar som kan nås og som kan støttast opp av eit tilskottsnivå som sikrar eit konkret utfall. Slik sett er det viktig å grunngje kvifor ein sats er satt høgare enn ein annan. Dersom programperioden har ei målsetting om å auke eit konkret tiltak, bør Fylkesmannen føre statistikk over utviklinga for slike tiltak (t.d. utvikling i areal til kystlynghei, tal enkeltminner og kulturmiljø m.m.). Fylkesmannen i Hordaland har høve til å ta ut slike tal frå eStil og frå naturbase.no. Denne dokumentasjonen har ikkje vore tilgjengeleg i denne evalueringa, men bør nyttast for å kunne vurdere korleis utviklinga blir framover.

I samanheng med nivå på tilskottssatsar i RMP Hordaland, er det viktig å påpeike at dei fleste landbrukskontora i spørjeundersøkinga meiner at nivået på tilskott til ulike miljøtema er passe høge. Landbrukskontora har likevel ikkje fått same spørsmål for dei ulike tiltaka som fell inn under kvart miljøtema. Enkelte landbrukskontor har også påpeika at svaret på spørsmålet om nivå på tilskottssats, avheng av kva tiltak det gjeld. Underforstått indikerer dette at det er vanskeleg å svare på spørsmål om nivå på tilskottssats for kvart miljøgode fordi dei inneheld mange ulike tiltak.

Målet om at prioriterte jordbrukskulturlandskap skal aukast innan 2020, gjeld ikkje berre for areal med kystlynghei, men også for landskapsparkar. Målsettinga er at bygdenært areal i landskapsparkar skal auke og at det skal vere god skjøtsel av kulturlandskapet. Dette inneber at det berre er allereie etablerte landskapsparkar som er omfatta av målsettinga. Kva som er grunnen til at nye område ikkje kan søke

om status som landskapspark, er likevel noko uklart og bør truleg grunnjevast betre i planlegginga av ein ny programperiode i RMP.

Når det gjeld kva som bør grunnjevast betre i planlegginga av ein ny programperiode i RMP, bør truleg attgroing i kommunar utan landskapsparkar og utan fjellbeite også viast merksemd. Eit landbrukskontor seier at attgroing også er eit problem andre stadar enn ved fjellbeite og at beite i utmark også burde ha vore premiert gjennom RMP. Beite i utmark er ein del av den nasjonale RMP-menyen, men er berre nytta til fjellbeite i RMP Hordaland. Kvifor beite i utmark ikkje er prioritert i RMP Hordaland, bør derfor grunnjevast ettersom det er ei målsetting å bidra til at kulturlandskapet i Hordaland vert halde i hevd. Dette gjeld både for kulturlandskap på kysten, og for kulturlandskap ved fjord og fjell.

Nytt i Melding til Stortinget nr 9 (2011–2012) er at klimaeffektar i større grad skal synleggjerast i formålet med miljøordningane. RMP Hordaland inneheld nye tiltak knytt til vatn og luft i inneverande programperiode. Tiltaka gjeld vern om elvemusling gjennom miljøavtale og ugjødsla randsone, samt miljøvennleg spreiring av husdyrgjødsel med bruk av tilførselsslange og med nedmolding i tillegg til bruk av tilførselsslange. Desse tiltaka er med på å synleggjera eit større fokus på klimaeffektar i Hordaland. Kor vidt tiltaka sikrar at ingen vatnførekomstar i jordbruksdominerte område skal nedklassifiserast fram til 2021, er ikkje vurdert i denne evalueringa. Dette bør truleg vurderast nærmare av Fylkesmannen i Hordaland ved planlegging av ein ny programperiode.

Generelt er det slik at ein må rekne med høgare forvaltingskostnader når ei ordning inneheld meir spesielle tiltak som krev kompetanse i forvaltninga. RMP Hordaland inneheld enkelte spesielle tiltak, og då til dømes tiltak som krev registrering i naturbase.no og miljøavtale. I gjennomgangen av RMP Hordaland er forvaltingskostnader forsøkt kartlagt, men vi har ikkje noko å samanlikne resultatata med fordi nytteverdien av RMP Hordaland ikkje er vurdert. Vi har heller ikkje informasjon om forvaltingskostnader i andre fylke og kan derfor ikkje samanlikne forvaltingskostnadar knytt til RMP mellom ulike fylke. Forvaltingskostnader knytt til RMP Hordaland, er likevel ikkje vurdert som svært høge.

Når det gjeld forvaltning av ordninga, utformar Fylkesmannen støtteordningar innafor eit sett med tiltak i ein standardisert RMP-meny. Dette er nytt i programperioden. I tidlegare programperiodar blei regionale program godkjent sentralt og Fylkesmannen kunne utforme verkemidlar innafor ramma av gjeldande landbrukspolitikk og vedtekne miljøplanar. Ein viktig grunn til omlegginga til ein standardisert RMP-meny, var blant anna overgangen til eit nytt elektronisk søknads- og sakshandsamssystem (eStil).

Eit standardisert søknadssystem inneber at Fylkesmannen i Hordaland ikkje står like fritt til å utforme RMP Hordaland. Terminologi bør tilpassast standardoppsettet og Fylkesmannen må sikre at tiltaka har lik nummerering i informasjonsskriv m.m. som i standardoppsettet.

For jordbruksføretak har det elektroniske søknadssystemet både fordelar og ulemper. Ein fordel er at kartløyninga i eStil overfører opplysningar til neste søknadsomgang, medan ei ulempe er at terminologien i eStil kan vere ulik den som er nytta informasjonsskriv frå fylket.

Sjølv om flest jordbruksføretak søkar RMP Hordaland gjennom eStil, søkar fortsatt rundt 11 prosent på papir. For kommunale landbrukskontor inneber dette at sakshandsamer må legge inn opplysningar elektronisk. Frå 2013 til 2016 har tal papirsøknader gått ned frå 20 til 11 prosent. Slik sett er det grunn til å tru at del søknader som kjem inn på papir på sikt vil fortsette å gå ned. At nokre jordbruksføretak fortsatt søker på papir, utgjer derfor ikkje eit stort problem.

Overgangen til eit elektronisk søknadssystem er truleg positivt. Likevel ser vi forbettringspotensial. Søknadsfrist for RMP Hordaland, kan leggest samtidig som søknadsfrist til produksjonstilskot. Lik søknadsfrist for RMP og produksjonstilskot, vil truleg gjere det lettare for føretaka å huske søknadsfristen.

Andre forhold som vi meiner bør vurderast sentralt, er blant anna å fastsette ei finansieringsramme for heile programperioden og ikkje berre år for år, samt å opne for bruk av fleirårige kontraktar. Fleirårige kontraktar har aldri vore ein del av RMP, men blei foreslått i ei utredning om å forenkle og målrette landbrukspolitikken på tidleg 2000-talet (Søyland m.fl., 2002). Slike forhold vil truleg bidra til å gjere det lettare for jordbruksføretak å søke på ordninga, samt å bidra til å gjere RMP meir pårekeleg for forvaltning og jordbruksføretak.

At finansieringsramma til RMP blir fastsett kvart år og ikkje for heile programperioden inneber at Fylkesmannen i Hordaland kvart år må tilpasse RMP i høve med endringar i finansieringsramma. I inneverande programperiode, har finansieringsramma til RMP Hordaland gått ned med rundt 6 prosent kvart år. Dersom finansieringsramma hadde blitt fastsett for heile programperioden, ville dette ha bidratt til å skape meir pårekelege rammar for jordbruksføretaka og for forvaltninga av ordninga.

Etter vårt syn er RMP Hordaland med på å styrke miljøarbeidet i fylket. Svare frå landbrukskontora viser at dei stort sett meiner ordningane som ligger inne i RMP-Hordaland er gode og med satsar som stort sett er passe høge. Vi ser likevel eit behov for at å grunngje betre kva miljøinnsats ein ønsker synleggjort og kvifor ein ønsker dette synleggjort. Det er også ei vurdering at nivå på tilskotssatsar bør grunngjevast betre og i tråd med konkrete målsettingar i programperioden. Dette inneber blant anna eit fokus på å utvikle gode rutinar for dokumentasjon, slik at arbeidet til sakshandsamer vert lettare. Gode rutinar for dokumentasjon inneber blant anna skriftleg dokumentasjon av grunngjeving for nivå på tilskotssatsar, samt årleg å oppdatere statistikk for utviklinga i målbare tiltak.

Litteraturreferanse

- Fylkesmannen i Hordaland. 2012. Rettleiing for tilskotsordningane 2012. Landbruksavdelinga. Url: <https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMHO/Landbruk%20og%20mat/Regionalt%20milj%C3%B8program/Tilskuddsordning/Retningsline%20og%20forskrift%20%202012%20RMP.pdf>
- Fylkesmannen i Hordaland. 2013. *Regionalt miljøprogram for jordbruket i Hordaland 2013–2016*. Landbruksavdelinga 11.02.2013.
- Fylkesmannen i Hordaland. 2016a. *Rettleiingshefte med retningslinjer. Tilskot til regionale miljøtiltak i Hordaland. Søknadsfrist 20. september 2016*. Url: <https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMHO/Landbruk%20og%20mat/Husdyr/RMP%20Hordaland%20rettleiing%20og%20info%20om%20elektr%20s%C3%B8knad.pdf>
- Fylkesmannen i Hordaland. 2016b. *Endra jordbruksdrift reddar elvemusling i Hordaland*. Nettartikkel publisert 26.10.2016. Url: <https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Endra-jordbruksdrift-reddar-elvemusling-i-Hordaland/>
- Landbruksdirektoratet. 2016a. *Miljøstatus i landbruket for 2015. Tematisk gjennomgang av miljøstatus og verkemiddelbruk*. Rapport nr. 9/2016 15.03.2016.
- Landbruksdirektoratet. 2016b. *Utforming av nasjonal tilskuddsordning for bevaringsverdige husdyrraser. Rapport til jordbruksforhandlingene 2016*. Rapport nr. 4/2016 12.02.2016.
- Landbruksdirektoratet. 2012. *Nasjonalt miljøprogram 2012- Nasjonale prioriteringar og virkemidler i jordbrukets miljøinnsats*. Rapport-nr:23/2012. Statens landbruksforvaltning.
- Landbruks- og matdepartementet. 2008. *Landbruks- og matdepartementets miljøstrategi 2008-2015*. Url: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/LMD/Vedlegg/Brosjyrer_veiledere_rapporter/Miljostrategi_2008_2015_M_0739_B.pdf
- Landbruks- og matdepartementet. 2015. *Jordbruksoppgjøret 2015- endringer i statsbudsjettet 2015 m.m. Prop 127 S (2014-2015)*.
- Rådgivende Biologer AS. 2016. *Tiltak i landbruket for å verne bestandar av elvemusling i Hordaland*. Rapport 5. september 2016.
- Søyland, V., Forsell, L. og N. K. Nersten. 2002. *FOLA 2002: Landbrukspolitikk- forenkling og målretting*. NILF-rapport 2002-1.
- Øgaard, A. F., Knutsen, H., Kårstad, S., Fystro, G., Bechmann, M. og J. Morken. 2014. *Konsekvensvurderinger av utkast til revidert forskrift om lagring og bruk av gjødsel til landbruksformål*. Bioforsk rapport vol. 9 nr. 148 2014 (ikkje offentleg tilgjengeleg).

Vedlegg

Vedlegg 1 Utbetaling av RMP-midler i Hordaland totalt og etter tiltak

Tabell 1. Utbetaling av RMP i Hordaland totalt og etter tiltak i kroner og etter utbetalingsår, samt tal søkarar til RMP Hordaland. Kjelde: Landbruksdirektoratet. Individdata for søknadsomgang 2013-2015

	2014	2015	2016	RMP Hordaland, 2013-2016 totalt
Avrenning til vassdrag og kyst, totalt		338 515	640 620	979 135
Miljøavtale		173 830	384 652	558 482
Ugjødsla randsone i eng		164 685	255 968	420 653
Biologisk mangfold, totalt	1 763 250	1 798 140	1 263 470	4 824 860
Beite av biologisk verdifulle arealer	221 850	183 460	183 700	589 010
Beite av kystlynghei	406 850	455 400		862 250
Bevaringsverdige husdyrraser	330 500	209 000	190 800	730 300
Skjøtsel av kystlynghei	353 530	487 000	483 040	1 323 570
Skjøtsel av slåttemark	116 000	140 500	100 500	357 000
Skjøtsel av styvingstrær	334 520	304 800	305 430	944 750
Slått av biologisk verdifulle arealer		17 980		17 980
Kulturlandskap, totalt	13 895 055	14 824 930	14 531 420	43 251 405
Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	135 100	1 215 400	861 400	2 211 900
Beite i utmark	3 681 800	4 528 665	4 081 775	12 292 240
Drift av beitelag	2 404 610	1 376 395	1 423 600	5 204 605
Skjøtsel av bratt areal	6 245 370	5 760 820	6 149 095	18 155 285
Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	1 428 175	1 943 650	2 015 550	5 387 375
Kulturmiljøer og kulturminner, totalt	1 851 774	1 724 002	1 549 427	5 125 202
Drift av enkeltseter med foredling	135 000	150 000	135 000	420 000
Drift av enkeltseter med melkeproduksjon	530 000	445 000	375 000	1 350 000
Drift av felleseter med foredling	8 750	7 500	7 500	23 750
Drift av felleseter med melkeproduksjon	96 250	99 167	41 667	237 083
Skjøtsel av andre automatisk fredede kulturminne	72 000	82 000	77 000	231 000
Skjøtsel av bakkemurer, trerekker, skigarder	806 274	731 335	705 260	2 242 869
Skjøtsel av gravfelt	23 000	27 000	39 000	89 000
Skjøtsel av gravminne	103 000	112 000	124 000	339 000
Skjøtsel av viktige kulturhistoriske områder	77 500	70 000	45 000	192 500
Utslipp til luft, totalt	952 320	1 428 720	1 871 430	4 252 470
Bruk av tilførselsslanger	363 007	540 204	688 364	1 591 575
Nedlegging og nedfelling	589 313	888 516	1 183 066	2 660 895
RMP Hordaland, totalt	18 462 399	20 114 307	19 856 367	58 433 072
Tal søkarar til RMP Hordaland:				
RMP Hordaland, tal jordbruksføretak	1283	1153	1249	3685
Drift av beitelag, tal beitelag	93	94	93	280
RMP Hordaland, tal føretak og beitelag totalt	1376	1247	1342	3965

* Avkortningar frå søknader som er levert etter frist er ikkje med i datagrunnlaget

Vedlegg 2 Ei oversikt over regionale skilje i Hordaland

Tabell 2. Kommunar i Hordaland, inndelt i tre regionar (kyst, fjord og innland)

Komunenr.	Kommune	Regionar i Hordaland
1201	Bergen	fjord
1211	Etne	fjord
1216	Sveio	kyst
1219	Bømlo	kyst
1221	Stord	kyst
1222	Fitjar	kyst
1223	Tysnes	fjord
1224	Kvinnherad	fjord
1227	Jondal	fjord
1228	Odda	innland
1231	Ullensvang	innland
1232	Eidfjord	innland
1233	Ulvik	innland
1234	Granvin	innland
1235	Voss	innland
1238	Kvam	fjord
1241	Fusa	fjord
1242	Samnanger	fjord
1243	Os	fjord
1244	Austevoll	kyst
1245	Sund	kyst
1246	Fjell	kyst
1247	Askøy	kyst
1251	Vaksdal	fjord
1252	Modalen	fjord
1253	Osterøy	fjord
1256	Meland	kyst
1259	Øygarden	kyst
1260	Radøy	kyst
1263	Lindås	kyst
1264	Austrheim	kyst
1265	Fedje	kyst
1266	Masfjorden	fjord
Tal kommunar, totalt:		
Kystkommunar, totalt		14
Fjordkommunar, totalt		13
Innlandskommunar, totalt		6
Totalt		33

Kjelde: Inndelinga byggar på ei forenkla inndeling som vert nytta av Fylkesmannen i Hordaland.

Vedlegg 3 Svar på spørjeundersøking til kommunar

Spørjeundersøkinga er utarbeida og utført av Fylkesmannen i Hordaland v/landbruksavdelinga. Undersøkinga vart sendt ut på e-post hausten 2016 til kommunar i Hordaland. Av 33 kommunar, er det fire som ikkje har svart (Bømlo, Voss, Fjell og Lindås). Enkelte kommunale landbrukskontor har ansvar for fleire kommunar og totalt har det kome inn svar frå 19 landbrukskontor. Desse svara gjeld for 29 kommunar i Hordaland.

Kvar figur viser tal svar som har kome inn («Svar totalt»). Svara er rangert på ein skala som går frå 1 til 6, der 1 svarar til «svært viktig» eller «ja, heilt einig» medan 6 svarar til «ikkje viktig» eller «nei, heilt ueinig». Det er ikkje alle spørsmål som er aktuelle for kvar kommune og dette kjem fram av kategorien «spørsmål er ikkje aktuelt».

Tilskot til kulturlandskap:

Tilskot	Spørsmål	1 er "svært viktig" og 6 er "ikkje viktig"						Spørsmål er ikkje aktuelt	Svar totalt
		1	2	3	4	5	6		
Veglause område	Kor viktig er tilskot til veglause område for framhald av drifta på slike område i din kommune?	1	1	2	2	3	0	10	19
	Er krav til areal og krav til drift for strenge?	0	1	8	3	2	0	-	14
Bygdenært	Bidrar tilskot til bygdenært til auka aktivitet generelt i landskapsparken?	2	2	1	0	0	1	13	19
	Bidrar tilskot til bygdenært til auka aktivitet generelt i landskapsparken?	2	1	3	0	0	1	-	7
Bratt areal	Tilskot til bratt areal er svært viktig for å oppretthalde drift på bratt areal i vår kommune?	8	2	2	1	0	0	6	19
Bratt areal ("bratt frukt")	Tilskot til bratt areal med spesielle verdiar/"bratt frukt" er svært viktig for fruktdyrking i vår kommune?	3	2	0	0	0	0	14	19
Beite i utmark	Tilskot til beite i utmark er viktig for tal dyr som vert sende til fjells i vår kommune?	8	5	1	1	1	1	2	19
	Tilskot til beite i utmark er viktig for å oppretthalde kulturlandskapet i beiteområda i vår kommune?	8	3	0	1	3	2	-	17
Drift av beitelag	Tilskot til beitelag bidreg til auka samarbeid mellom føretaka i vår kommune	8	4	3	0	0	0	4	19
	Tilskot til beitelag fører til auka beitebruk i vår kommune	6	3	3	3	1	0	-	16

Biologisk mangfold

Tilskot	Spørsmål	1 er "svært viktig" og 6 er "ikkje viktig"						Spørsmål er ikkje aktuelt	Svar totalt
		1	2	3	4	5	6		
Skjøtsel av slåttemark	Tilskot til skjøtsel av slåttemark er svært viktig for å ivareta artsrike slåttemarkar i vår kommune	4	4	3	0	1	1	6	19
Skjøtsel av kystlynghei	Tilskot til skjøtsel av kystlynghei er svært viktig for å ivareta kystlynghei i vår kommune	4	1	0	1	1	0	12	19
Skjøtsel av styvingstre	Tilskot til skjøtsel av styvingstre er svært viktig for å skjøtsel av styvingstre i vår kommune	2	2	6	3	0	1	5	19
Beite av verdifulle areal	Tilskot til beite av biologisk verdifulle areal er svært viktig for å ivareta biologisk verdifulle areal i vår kommune	3	5	1	4	2	1	3	19

Kulturminne

Tilskot	Spørsmål	1 er "svært viktig" og 6 er "ikkje viktig"						Spørsmål er ikkje aktuelt	Svar totalt
		1	2	3	4	5	6		
Tilskot til støling	Tilskot til støling, einskild og felles støl, er svært viktig for å oppretthalde drift av stølane i vår kommune	3	0	1	1	0	0	14	19
	Regelen om at størstedelen av produksjonen skal skje på stølen er for streng og hindrer at fleire opprettheld drift på stølane	0	2	1	0	2	0	-	5
Støling med foredling og direktesal	Tilskot til støling med foredling med direktesal frå stølen er svært viktig for å oppretthalde aktiviteten	1	0	1	0	0	0	17	19
Skjøtsel av gravminne og gravfelt	Tilskot til skjøtsel av gravminne og gravfelt er svært viktig for god skjøtsel av desse kulturminneområda i vår kommune	2	2	6	1	3	1	4	19
Skjøtsel av automatisk freda kulturminne	Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne er svært viktig for god skjøtsel i vår kommune	2	3	5	0	4	1	4	19
Skjøtsel av steingarder	Tilskot til skjøtsel av steingarder er svært viktig for vedlikehald av steingardene i vår kommune	5	8	3	3	0	0	0	19
Skjøtsel av viktige kulturhistoriske område	Tilskot til skjøtsel av viktige kulturhistoriske område er svært viktig for skjøtsel av desse områda i vår kommune	3	1	7	1	2	0	5	19

Vatn og luft

		1 er "svært viktig" og 6 er "ikkje viktig"						Spørsmål er ikkje	Svar
Tilskot	Spørsmål	1	2	3	4	5	6	aktuelt	totalt
Miljøavtale	Tilskotet 'miljøavtale elvemusling med ugjødsla randsone i eng' er eit godt virkemiddel for å redusere avrenning frå landbruket til vassdrag med elvemusling i vår kommune	2	1	1	0	0	0	15	19
		1 er "ja, i svært stor grad" og 6 er "nei, i svært liten grad"						Spørsmål er ikkje	Svar
Tilskot	Spørsmål	1	2	3	4	5	6	aktuelt	totalt
Utslepp til luft	Bidrar tilskot til nedlegging med slepeslange til meir bruk av denne metoden i din kommune?	4	5	4	0	2	0	4	19
	Trur du at tilskot til nedlegging med slepeslange også bidrar til redusert avrenning til vassdrag i din kommune?	2	6	4	1	2	0	4	19
	Er regelen for tøming av gjødsellager og ferdig med gjødsling til 10.august for streng?	6	4	3	0	2	0	4	19

Andre spørsmål

1 er "svært viktig" og 6 er "ikkje viktig"							
Spørsmål	1	2	3	4	5	6	Svar totalt
RMP gjev eit godt grunnlag for å synleggjere miljø-innsatsen i landbruket	4	6	3	3	2	0	18
Er tilskota til ulike ordninger egna til å nå målsetnaden?	3	4	7	5	0	0	19
Utfyllande kommentar	Tilskudds- satsene må opp.	Delvis!	Variierende etter ordning	Både og. Som svara over viser, fungerer ordninga svært godt for nokre tiltak og mindre godt for andre tiltak. Slik vil det vel bli, mellom anna grunna lokale forskjeller.	Tiltaket gjeld få ordninga utviklar seg til å vera byråkrata ne sitt behov for å dokumentera kva som vert gjort på miljøsidea.	Beite av bratt areal på innmarks-beite og vore premierte .	6
Vert RMP sett i samanheng med SMIL i din kommune?	3	5	6	2	2	1	19
Kor godt kjenner sakshandsamar regelverket for RMP?	6	8	4	1	0	0	19
Har kommunen god kontroll på at vilkåra for tilskotet vert oppfylte?	2	6	10	0	1	0	19
I kor stor grad hjelper de føretaka å søke RMP (i 2015/ 2016)	2	7	7	2	0	1	19

Vedlegg 4 Intervjuguide til kommunar

1. Forvaltingskostnader:
 - a. Kor mange personer er involverte i arbeide med regionalt miljøprogram i Hordaland (RMP)?
 - b. Kor mange timeverk totalt går med til å handtere RMP-søknader?
 - c. Kor mange timeverk totalt går med til å handtere søknader om produksjonstilskot?
 - d. Kor mange timar (stor del av tida) går med til å gi informasjon til bønder?
 - e. Har landbrukskontoret ansvar for fleire kommunar?
 - f. Er det mange som sender søknader på papir? Kan du anslå kor stor del, av dei som søker RMP, som søker på papir?
 - g. Kor mykje meirarbeid skaper slike papirsøknader for kommunen?

2. Generelt:
 - a. Kva tilskot i RMP-ordninga er viktigast i din kommune? Kvifor?
 - b. Kva tilskot i RMP Hordaland er mindre viktige i kommunen? Kvifor?
 - c. Bør delar av RMP-ordninga i Hordaland endrast? Kva då?
 - d. Er det noko som burde vore inne i RMP-ordninga som ikkje er det?
 - e. Er tilskotssatsar høge nok?

3. Er det noko anna du vil legge til om RMP-ordninga?

Vedlegg 5 Intervjuguide til produsentar

Totalt er 7 produsentar intervjuet om regionalt miljøprogram i Hordaland i desember 2016. To produsentar held til i Kvinnherad (fjordkommune), ein i Kvam (fjordkommune), to i Voss (innlandskommune), ein i Sveio (kystkommune), og ein i Bømlo (kystkommune). Fire av sju produsentar fekk rundt kr 15 000 til kr 18 000 utbetalt i 2016, medan dei tre siste fekk rundt kr 40 000, kr 60 000 og kr 112 000 utbetalt i 2016.

1. Kor godt kjenner du til regionalt miljøprogram i Hordaland (RMP)?
2. Får du nok informasjon, og hjelp frå landbrukskontoret?
3. Generelt:
 - a. Kva søker du på? Kor mange tilskot?
 - b. Kunne du ha søkt på fleire tilskot i RMP?
 - c. Søkar du tilskot gjennom RMP kvart år? Viss nei, kvifor ikkje?
 - d. På ein skala der 1 er lett, 2 er greitt og 3 er vanskeleg, korleis opplev du søknadsprosessen?
4. Skjøtsel og aktivitet:
 - a. Må du gjere noko annleis ved drifta di for å få tilskotet? Kva då?
 - b. Har RMP-ordninga ført du har gjort tiltak som du elles ikkje ville ha gjort?
5. Økonomi:
 - e. Kor viktig er RMP-tilskota for din økonomi?
 - f. Kor stor del av kostnaden ved tiltaket dekker tilskotet?
 - g. Kva er det viktigaste tilskotet for deg? Kvifor?
 - h. Kvifor søker du gjennom RMP?
6. Motivasjon:
 - a. Er det viktig for deg at samfunnet prioriterer miljøverdiane i landbruket gjennom dei ulike tilskota i RMP?
 - b. Føler du ansvar for å ta vare på:
 - (i.) Kulturlandskapet
 - (ii.) Biologisk mangfald
 - (iii.) Kulturminne
 - (iv.) Vatn og luft

Vedlegg 6 Intervjuguide for produsentar med miljøavtale

Totalt er tre produsentar intervjuet i november 2016. Ein produsent held til i Osterøy og dei to siste held til i Os.

1. Kva tiltak/endringar har du gjennomført på garden når du inngjekk miljøavtala?
2. Er det lett å gjennomføra tiltaka i skjøtselplana?
3. Ser du nokon utfordringar ved skjøtselplana? Kunne skjøtselplana ha vore betre i forhold til vern av elvemuslingen?
4. Er du stolt av arbeidet du gjer i forhold til vern av elvemusling?
5. Er det noko forhold/tiltak som du finn problematiske i miljøavtala?
6. Kor viktig er tilskotet for at du er med i arbeidet med å ta vare på elvemuslingen?
7. Tykkjer du at det er viktig å verna elvemusling?
8. Har du andre kommentarar knytt til miljøavtala?

NOTATER

NOTATER

NOTATER

Etterord

Nøkkelord:	Regionalt miljøprogram, tilskot, landbruk, kulturlandskap, miljøgode
Andre aktuelle publikasjoner fra prosjekt:	<p>Berger, M., Haukås, T. og H. Knutsen. Økonomien i jordbruket på Vestlandet 2015. Trendar og økonomisk utvikling 2006-2015. NIBIO-rapport vol. 3, nr. 4.</p> <p>Milford, A. B., T. Haukås. 2017. Åpning for import av epletrær og jordbærplanter: Økonomiske årsaker og konsekvenser. NIBIO-rapport vol. 3, nr. 15.</p> <p>Milford, A. B. 2016. Økonomi i epledyrking i Vest. Resultat frå forprosjekt. NIBIO-rapport vol.2, nr. 39</p> <p>Ingrid M. Tenge (redaktør). 2016. Evaluering av areal- og kulturlandskapstilskudd. NIBIO-rapport vol:2, nr. 150.</p> <p>Milford, A. B., Knutsen, H. og M. Berger. 2016. Landbruksbasert reiseliv i Norge. NIBIO-rapport vol. 2, nr. 152</p> <p>Knutsen, H., Haukås, T., Olsen, A., Berger M, Lurfald, M., og P. K. Alnes. 2015. Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Hordaland. NILF-notat 2015-12.</p> <p>Kårstad, S., Hukås, T., A. Hegrenes. 2015. Analyse av kjørekostnader i mjølkeproduksjonen. Ei samanlikning av kjøring langs vegen ved grovfôrhausting og spreining av husdyrgjødsel i to bygder. NIBIO-rapport vol. 1, nr.9.</p>

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) ble opprettet 1. juli 2015 som en fusjon av Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) og Norsk institutt for skog og landskap.

Bioøkonomi baserer seg på utnyttelse og forvaltning av biologiske ressurser fra jord og hav, fremfor en fossil økonomi som er basert på kull, olje og gass. NIBIO skal være nasjonalt ledende for utvikling av kunnskap om bioøkonomi.

Gjennom forskning og kunnskapsproduksjon skal instituttet bidra til matsikkerhet, bærekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping innenfor verdikjedene for mat, skog og andre biobaserte næringer. Instituttet skal levere forskning, forvaltningsstøtte og kunnskap til anvendelse i nasjonal beredskap, forvaltning, næringsliv og samfunnet for øvrig.

NIBIO er eid av Landbruks- og matdepartementet som et forvaltningsorgan med særskilte fullmakter og eget styre. Hovedkontoret er på Ås. Instituttet har flere regionale enheter og et avdelingskontor i Oslo.

